





Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavingdelinga

**Supplerande kartlegging av naturtypar i
Haram kommune i 2013 og 2014**

Rapport 2014:03



Foto på framsida: Raudlistearten fuglereir (NT) i knopp, her frå dei rike hasselkratta under Hallingen ved Rogne på Flemsøya, der den ser ut til å vere nokså talrik. Arten er ein god indikator for gamle, rike hasselkratt på god moldjord.

Utførende konsulent: Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg: Dag Holtan E-post: dholtan@stayon.no	ISBN: 978-82-7430-280-8 ISSN 1891-876X
Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse	År: 2014
<p>Referanse: Holtan, D. 2014. Supplerande kartlegging av naturtypar i Haram kommune i 2013 og 2014. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr. 3-2014: 96 s. ISBN: 978-82-7430-280-8.</p>		
<p>Referat: Det er gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar i Haram kommune på Sunnmøre, samt kvalitetssikring av eksisterande data. Av 39 nye eller kontrollerte/evaluerte naturtypelokalitetar med feltarbeid i 2013 og 2014 er 14 vurdert som svært viktige for det biologiske mangfaldet (A), 17 som viktige (B) og ein som lokalt viktig (C). 11 av desse objekta er heilt nye, medan 7 truleg bør vrakast som naturtypelokalitetar av ulike grunnar. Dei største naturverdiane i Haram er knytte til hovudnaturtypane skog og kulturlandskap, men her er òg ein del verdiane knytte til rasmark, berg og kantkratt, havstrand, ferskvatn og våtmark. Av raudlista vekstar er det i 2014 kjent 15 artar av karplanter, 25 soppar, 3 mosar og 4 lav i kommunen. I tillegg kjem 3 insekt og 4 blautdyr. Fuglar og pattedyr er ikkje tekne med i rapporten. Dessutan er minst 27 svartelisteartar kjent i Haram til no.</p>		
<p>Emneord: Haram Naturmangfald Naturtypar Raudlisteartar Svartelisteartar Verdisetting</p>		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
		
Ola Betten	Linda Aaram (Miljøverndirektør)	

Forord

På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Haram kommune. Oppdraget omfattar kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både eigne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon.

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er mellom anna den politiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, slutta seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet ("Countdown 2010", no justert til 2020). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Haram er slik sett nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i kommunen.

Dette er andre runde med kartlegging av naturtypar i Haram etter metodikken i DN-handbok 13 (etter nye faktaark frå 2014). Den første kartlegginga vart gjort av John Bjarne Jordal og Dag Holtan for om lag 10 år sidan (Jordal & Holtan 2005). I åra som har gått har krava til avgrensing, artsdokumentasjon og skildring av lokalitetane blitt stadig strengare. Sidan den geografiske dekningsgraden av førstegongskartlegginga i kommunen var relativt god, har det meste av feltarbeidet i 2013 og 2014 derfor gått med til å skaffe betre dokumentasjon og avgrensing av tidlegare kartlagde lokalitetar. Ein del heilt nye lokalitetar har likevel kome til. Det tidlegare arbeidet har vore eit viktig grunnlag som denne supplerande kartlegginga har drege vekslar på.

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Kjell Lyse ved fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Perry Larsen, Skodje, har delteke i mykje av feltarbeidet og aust av kunnskapane sine om mosar.

Alle bilda i rapporten er tekne av Dag Holtan om ikkje anna er nemnd.

Ørskog 24.11.2014

Dag Holtan

Innhald

FORORD	4
INNHALD	5
SAMANDRAG.....	7
1 INNLEIING	10
1.1 BAKGRUNN	10
1.2 KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?.....	11
1.3 VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	12
1.4 TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	13
1.4.1 Fysiske inngrep	13
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk	13
1.4.3 Spreiing av framande organismar	14
1.4.4 Overhausting	15
1.4.5 Forureining.....	15
1.5 FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	16
1.5.1 Verneområde	16
1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen	17
1.5.3 Aktiv sikring	17
1.5.4 Passiv sikring	17
1.5.5 Grunneigaravtalar.....	17
1.5.6 Verkemiddel i landbruket	18
1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020	18
1.6 FØREMÅLET MED RAPPORTEN	19
1.7 FORKLARING AV NOKRE OMGREP	19
2 METODE	21
2.1 INNSAMLING AV INFORMASJON.....	21
2.1.1 Viktige litteraturkjelder	22
2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven	23
2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar	23
2.1.4 Eigne feltregistreringar.....	23
2.1.5 Bestemming og dokumentasjon	23
2.1.6 Verdisetting og prioritering	23
2.1.7 Kriterium og kategoriar.....	23
2.1.8 Bruk av raudlisteartar/signalartar	24
2.1.9 Bruk av truga vegetasjonstypar	24
2.1.10 Område med lite data eller usikker status	24
2.2 PRESENTASJON	25
2.2.1 Generelt.....	25
2.2.2 Omtale av lokalitetane.....	25
2.2.3 Kartavgrensing	25
3 NATURGRUNNLAGET	26
3.1 NATURGEOGRAFI OG KLIMA	26
3.1.1 Landskap og topografi	26
3.1.2 Areal.....	26

3.1.3	Temperaturnormalar 1961-1990.....	27
3.1.4	Nedbørsnormalar 1961-1990	27
3.2	BERGGRUNN OG LAUSMASSAR	28
4	NATURTYPAR	29
4.1	HOVUDNATURTYPAR	29
4.2	KUNNSKAPSGRUNNLAG OG DEKNINGSKART.....	30
4.2.1	Dekningskart	32
4.3	NATURTYPELOKALITETER UNDERSØKTE I 2013 OG 2014.....	33
4.3.1	1534101 Flemsøya: Rognemyrane.....	33
4.3.2	1534102 Flemsøya: Aust for Stølen.....	34
4.3.3	1534103 Flemsøya: Hallingen	36
4.3.4	1534104 Ullaholmen kystlynghei	37
4.3.5	1534105 Haramsøya: Katagylet-Fiskeberga	39
4.3.6	1534106 Lepsøya: Kjedadslakken	41
4.3.7	1534107 Lepsøya: Rønstad/Måsehamrane.....	42
4.3.8	1534108 Lausundholmen	44
4.3.9	1534109 Bjørnøya ved kystfortet.....	46
4.3.10	1534110 Gamlemsmyra	48
4.3.11	1534111 Skjelten: Remmevegen.....	50
4.3.12	1534121 Skjelten: Gjerdet	52
4.3.13	1534112 Skjelten: Hurlalia	53
4.3.14	1534113 Grytastranda vest for Uggedal	54
4.3.15	1534114 Grytastranda: Grovagjølet.....	56
4.3.16	1534115 Grytastranda: Fiskeberga	57
4.3.17	1534116 Grytastranda: Gjerset	58
4.3.18	1534117 Slyngstad vest	59
4.3.19	1534118 Vatnedalen vest for Reset	60
4.3.20	1534119 Midfjorden: Baraldsneset.....	61
4.3.21	1534120 Midfjorden: Skoradalen	62
4.4	EVALUERING AV EIN DEL LOKALITETAR	64
5	RAUDLISTA OG SVARTELISTA	76
5.1	RAUDLISTA.....	76
5.1.1	Sopp	76
5.1.2	Lav	82
5.1.3	Mosar	84
5.1.4	Karplanter	85
5.1.5	Insekt.....	89
5.1.6	Blautdyr.....	89
5.2	SVARTELISTA	90
6	KJELDER	93
6.1	SKRIFTLIGE KJELDER.....	93
6.1.1	Internettressursar	94
7	VEDLEGG.....	95
7.1	KART OVER 2013/2014 LOKALITETAR	95
7.2	KARTLEGGINGSSTATUS.....	96

Samandrag

Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskot. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): "Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemdene.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald – DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006 med seinare oppdateringar av faktaark).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta ein del litteratur, Naturbasen (<http://geocortex.dirnat.no/silverlightViewer/?Viewer=Naturbase>) og andre databasar på Verdsveven, utskrifter frå museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjende. For å skaffe fram ny kunnskap vart det òg utført noko nytt feltarbeid. Av økonomiske årsaker og grunna føringar frå Miljødirektoratet eller Fylkesmannen vart fjellområda, kulturlandskapet og verneområda nedprioriterte. Informasjonen er samanstilt, og lokalitetane er verdiprioriterte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb. Informasjonen er presentert på kart og i rapportform.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort gjennomgått, med omtale av landskap, geologi, klima og naturgeografiske tilhøve.

Naturtypar i Haram

Dei ulike naturtypane i Haram er kort presenterte. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i kommunen er særleg skog og kulturlandskap, men her er òg verdiar bundne til rasmark, våtmark, havstrand og ferskvassmiljø, utan at desse nødvendigvis er naturtypelokalitetar etter gjeldande metodikk for kartlegginga.

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdiar til fleire ulike naturtypar i Haram. Generelt kan det seiast at det er størst verdiar knytte til ulike skogtypar og hagemark.

Tabell 1. Dei undersøkte naturtypelokalitetane med fordeling på hovudnaturtype, verdi og viktige område (markert med X) med tanke på oppfølging av regjeringa og Stortinget sitt mål om stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020 (jf. kapittel 1.5.7). Kodane betyr: A05= rikmyr, A11= kystnedbørsmyr, B04= oseaniske kystberg, D04= naturbeitemark, D07= kystlynghei, D52= erstatningsbiotopar, F01= rik edellauvskog, F07= gammal lauvskog, G04= sandstrand og G05= strandeng. Områda utan lokal ID er kort omtalte i kapittel 4.4.

Lokalitet	Naturtype	Verdi 2005	Verdi 2014	2020	Lokal ID
Flemsøya:					
Rognemyrane	A11		B		101
Flemsøya: Aust for					
Stølen	D04		A	X	102
Flemsøya: Hallingen	F01	B	A	X	103
Ullaholmen	D07		A	X	104
Haramsøya: Katagylet-					
Fiskeberga	D04	B	A	X	105
Lepsøya:					
Kjeldalsnakken	B04	B	A	X	106
Lepsøya: Måsehamrane	B04	A	A	X	107
Lausundholmen	D07		B		108
Bjørnøya kystfort	D04/07	B	A	X	109
Gamlemsmyrane	A11	C	B		110
Skjelten: Remmevegen	D52		A	X	111
Skjelten: Hurlalia	F01/F07	B	B		112
Grytastrande vest for					
Uggedal	F01	B	A	X	113
Grytastranda:					
Grovagjølet	F01	A	A	X	114
Grytastranda:					
Fiskeberga	D04	B	A	X	115
Grytastranda: Gjerset	F01		B		116
Slyngstad vest	F01	B	B		117
Vatnedalen vest for					
Reset	A05		B		118
Midfjorden:					
Baraldsneset	A11		B	X	119
Midfjorden: Skoradalen	B04		B		120
Skjelten: Gjerdet	D04		A	X	121
Haramsøya:					
Hornhammaren	D04	A	C		
Haramsøya: Råvika	G04	B	0		
Ullaholmen vest	G05	A	B		
Ullaholmen aust	G05	B	B	X	
Flemsøya: Sandvika	D04	A	B	X	
Flemsøya: Halseberga	D04	A	B		
Lepsøya: Setnakken	D04	B	B		
Lepsøya: Nosa-					
Hestedalsnakken	B04	A	A	X	
Lepsøya: Rådet	D07	A	B		
Fjørtofta: Skinnbrekka-					
Øyra	G05	A	B	X	
Fjørtofta:	A11	B	A	X	

Søgardsmyrane			
Fjørtofta: Krokane	G05	B	B
Fjørtofta: Dysvikmyra	A11	C	0/C
Fjørtofta: Ramsberget	F01	B	0
Fjørtofta: Nyheim-Valen	G04	B	0/C
Vatnedalen: Krogsetra	D01	B	0
Vatnedalen: Krogsetra aust	D01	B	0/C
Alvestad	A11	B	0

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd, forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2010 (Kålås mfl. 2010).

Det er registrert ei rekkje førekomstar av raudlista karplanter, sopp, lav og mosar osb. i Haram, og dei som er kjende per 1. november 2014 er omtalte i kapittel 5.

Kunnskapsstatus

Kapittel 4.2 og 4.3 inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om fleire organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Haram er jamt over middels god.

Kunnskapsstatus – litteratur

Det er publisert noko frå Haram opp gjennom åra i ulike samanhengar. Viktige litteraturkjelder frå nyare tid er samla i tabell 2.

Dette materialet har vore gjennomgått i samband med naturtypekartlegginga. I tillegg kjem ulike innspel gjennom ikkje publiserte notat og e-postar frå lokalkjente eller andre som har kartlagt naturen i Haram m.m.

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Kartleggingsarbeidet er finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfald i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1987: "Konvensjonen om biologisk mangfold", som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen vart ratifisert av Noreg i 1993 og vart gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvalting (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført. Oppdaterte nettutgåver av handboka kom i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): "Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

I den nye naturmangfaldlova er dessutan følgjande prinsipp sentrale i all natur- og artsforvalting:

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreliggende risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

1.2 Kva er biologisk mangfald?

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfald jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfald definert slik: ”Biologisk mangfald er variabiliteten hos levende organismar uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfald innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i naturmangfaldlova:

§ 3. (definisjoner)

I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;

- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;
- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- q) virvelløse dyr: dyr uten ryggsøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensing som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruiter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.

1.3 Verdien av biologisk mangfold

Miljøverndepartementet (2001) knyter disse verdiane til biologisk mangfold:

- **Direkte bruksverdi:** Verdier som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til lek, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sine krinslaup, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor, og er m.a. knytte til bruk av ikkje utnytta genetiske ressursar, både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, komande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer òg naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same mulegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei ”berekraftig utvikling” definert av Brundtlandkommisjonen.

1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

1.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagde i beslutningsprosessane. Det er eit visst utbyggingspress i låglandet i Haram, særleg konsentrert til dyrkbart areal og langs tilgjengeleg strandline. Ein må rekne med at det i framtida òg vil bli eit visst press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men òg fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å

forsvinne (jf. Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til andre verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås mfl. 2010).

Status for Haram i 2014 er at det er svært lite att av tradisjonelt drive kulturlandskap, og det som er att skulle no vere godt dokumentert gjennom både tidlegare undersøkingar og supplerande kartlegging i 2013 og 2014.

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk tala forsvunnen, og biologisk gammal skog med mykje daud ved utgjer berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei siste 50-100 åra stadvis vortne erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vorten drenert og deretter tilplanta.

I Haram er dei største inngrepa med uheldige konsekvensar i skog truleg knytte til hogst av gammal skog og treslagskifte (gran).

1.4.3 Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreieing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosystema er eit aukande problem, både for vern av biologisk mangfald og i forhold til verdiskaping. Mange innførte artar er dårleg tilpassa dei lokale økosystema, og mange vil dø ut etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas m.fl. 2012), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Haram. Artar med potensielt høg til svært høg risiko (kategoriane PH, HI og SE) for negative konsekvensar for miljøet er samla i kapittel 5.2. Samla sett står kommunen framfor utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane, eller halde dei i sjakk. Ei kartlegging av omfang av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskeleg innanfor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomførast utan opphald.

1.4.4 Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadane bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan òg tenke seg at somme artar med små nasjonale bestandar kan vere utsette for sammlarar, utan at det er kjend konkrete døme på dette i Haram.

1.4.5 Forureining

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller òg som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert òg ofte reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil òg kunne påverke naturen i Haram. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Hordaland. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadane vil vere størst for artar i fjellet (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde høyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Haram har òg enkelte sørlege vekstar som er på eller nær si kjende nordgrense (helst oseaniske mosar og lavartar, sjå også kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

1.5 Forvaltning av biologisk mangfold i kommunane

1.5.1 Verneområde

14 område i Haram er verna i ei eller anna form, sjå òg kartet på neste side: (<https://lovdata.no/register/lokaleForskrifter?county=MoreOgRomsdal&municipality=Haram>)

- 1) Løvsøyrevet dyrefredingsområde, verna 27.05.1988.
- 2) Rogneholmen dyrefredingsområde, verna 27.05.1988.
- 3) Ullasundet dyrefredingsområde, verna 27.05.1988.
- 4) Bakkedalen naturreservat (myr), verna 13.12.1996.
- 5) Fjørtoftneset naturreservat (myr og hei m.m.), verna 13.12.1996.
- 6) Vesteinvika naturreservat (strandområde), verna 08.11.2002.
- 7) Myskjaurene naturreservat (edellauvskog), verna 27.06.2003.
- 8) Gjøsunholmen naturreservat (sjøfugl), verna 28.05.2010.
- 9) Måsehamrane naturreservat (sjøfugl), verna 28.05.2010.
- 10) Haramsøya vestside naturreservat (sjøfugl), verna 28.05.2010.
- 11) Kjepina naturreservat (sjøfugl), verna 28.05.2010.
- 12) Husfjellet naturreservat (sjøfugl), verna 28.05.2010.
- 13) Svetlingane naturreservat (sjøfugl), verna 28.05.2010.
- 14) Rødholmen naturreservat (sjøfugl), verna 28.05.2010.



Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men dette ansvaret kan verte overført til mellom anna kommunane, dersom kommunane sjølve ønskjer det. Haram har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen

Forvaltingsansvaret for areal i Haram ligg i hovudsak i kommunen, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Kommunen har ei sentral, overordna rolle fordi det er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan kommunen ekspropriere, og er lokal skog- og landbruksmyndigheit med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen òg eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjerder om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 (2000-01) skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvaltning. Kunnskapen om dei viktigaste naturområda i Haram er no samla i denne rapporten. Det må forventast at denne kunnskapen vert nytta aktivt i forvaltninga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigarar av særleg verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulane.

1.5.3 Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengs for å ta vare på område gjennom plan- og bygningslova, men i dag er §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova likevel meir aktuelle.

1.5.4 Passiv sikring

Kommunen kan sørgje for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001).

1.5.5 Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtaler likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. I skogvernet er frivillig vern norma i dag.

1.5.6 Verkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar denne mulegheita til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre bygningar og kulturminne. I Haram må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiane ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020

Grunnlova sin § 110b krev at naturkvalitetane vert tekne vare på for ettertida og etterslekta. Det same gjer føremålsparagrafen i naturmangfaldlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfald presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjonar.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast*.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltast* slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar samt biologisk mangfald vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga*.
- 5) Menneskeskapt spreining av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosystema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponerast* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfald i Noreg *skal stoppast* innan 2010 (seinare justert til 2020). Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa *burde redusere vesentleg* tapet i same tidshorisont. I 2012 vart vidare Nagoya-protokollen signert av norske styresmakter (www.regjeringen.no), og her heiter det m.a.:

«Når det gjelder nye mål for områdevern, ble resultatet et kompromiss. 17 % vern av landområder, inkludert ferskvann er et kompromiss mellom 15 % og 20 %. Dette målet er realistisk både i Norge og globalt. Utfordringen er å sikre *effektiv* beskyttelse, og at det er *representative områder* som velges ut»

For å oppfylle dette målet *må* i det minste følgjande saksområde utgreiast i Haram i 2012, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås mfl. 2010) går det fram at flest truga artar er knytte til skog og kulturlandskap. For Haram er desse artene nærmare omtalte i kapittel 5.
- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Lindegaard & Henriksen 2011) finn vi følgjande truga typar representerte i Haram: strandeng (NT), kystnedbørsmyr (VU), kan hende varmekjær kildelauvskog (VU), kulturmarkseng (VU), slåtteeeng (EN), kystlynghei (EN) og lågurt-eikeskog (NT).
- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2020 må strategiplanen for Haram som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 1 og lokalitetsomtalanene i kapittel 4). Her er det tatt høgd for førekomst av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i høve til små nyare negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er òg inkludert når det gjeld førekomst av raudlista artar.
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep (skog- og våtmarksområda) og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølvstendig og følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Haram.
- Framande artar. Som nemnt i kapittel 1.4.3 må ein òg kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

1.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med dette prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i Haram kommune, slik at ein i større grad kan ta omsyn til naturmangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det naturmangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde i landskapet elles (jf. kapittelet om metodikk).

1.7 Forklaring av nokre omgrep

Beitemarksopp: Grasmarkstilknytte soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

Biologisk mangfald (sjå kapittel 1.2) omfattar mangfald av:

- naturtypar (økosystemnivå)
- artar (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

Bisentrisk: Omgrep brukt om fjellplanter som hos oss er utbreidde i eitt område i sør og eitt i nord, men som manglar på midten (oftast i Trøndelag - Jämtland).

Indikatorart (signalart): Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdifull naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.

Kontinuitet: I økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie seg om gjenteken, årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på daud ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Lungeneversamfunnet: Nyttå om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langf fleire artar.

Naturbeitemark: Gammal beitemark med låg grad jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.

Natureng: I snever forstand gamle slåttemarkar med låg grad av jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet nytta i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.

Naturengplanter: Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunktet sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallell til beitemarksoppåne (jf. Jordal & Gaarder 1999).

Nøkkelbiotop: Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Oseanisk: Som har å gjere med kysten og havet. Vert nytta om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseanisk er kontinental.

Raudlista: Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås mfl. 2010).

Svartelista: Eit oversyn over innførte artar, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas m.fl. 2012).

Tradisjonelt kulturlandskap: Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lynchheiskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og lynchhei.

2 Metode

2.1 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levestad for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006, oppjustert 2007, og nye faktaark i 2014).

Døme:

- Ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarkar med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nordvendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sørvendte rasmarker osv.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

2.1.1 Viktige litteraturkilder

Tabell 2. Dei viktigaste nyare skriftlege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Haram, med kort kommentar til innhaldet. For full liste visast det til Jordal & Holtan (2005).

Kjelde	Kommentar
Gaarder, G. & Jordal, J. B., 2003. Regionalt sjeldne og truede plantearter i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport 2003:01. 70 s.	Fleire artar frå Haram.
Jordal, J.B. 2007. Skjøtselsplan for kystblåstjerne <i>Tractema verna</i> i Haram kommune, Møre og Romsdal. Rapport J.B. Jordal nr. 4 - 2007. 37 s.	Oversikt over lokalitetane, økologi og anna.
Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.	Fleire lokalitetar i Haram.
Jordal, J.B. & Holtan, D., 2005. Kartlegging av naturtypar i Haram kommune. Haram kommune, rapport. 117 s. + bilete og kart.	Oversikt over det meste av kunnskapen om naturen i Haram til og med 2004.
Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A., 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. NINA utredning 029. 172 s.	Fleire lokalitetar i Haram.
Holten, J.I. mfl. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986 3B. 184 s.	Alle viktige område med havstrand er med her.
Moen, A. 1984. Myrundersøkingar i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1984-5	Mange myrar i Haram er med her.

2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Universitetet i Oslo er kontrollerte på Verdsveven. Artsdatabanken har også opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom Artsdatabanken og universitetsdatabasane er det enkelte tilleggsopplysningar å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.1.1.

2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar

Ein del enkeltpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Haram. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette.

2.1.4 Eigne feltregistreringar

Eigne feltregistreringar vart gjort i perioden 26. mai – 20. oktober 2013 pluss 14. oktober og 8. november 2014. Perry Larsen, som er ein dugande bryolog og mykolog, har delteke i mykje av feltarbeidet, og har også bidrege med data frå eiga kartlegging utanom periodane nemnd over.

2.1.5 Bestemming og dokumentasjon

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følgjer denne utgåva (bokmålsforma). Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog mfl. (1994) og Holien & Tønsberg (2006). Særleg interessante funn (primært planter og lav) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo eller samlingane til NTNU. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane som er nytta i arbeidet. Offisielle norske namn leggast elles fortløpande ut på Artsdatabanken sine nettsider.

2.1.6 Verdisetting og prioritering

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisette enkelte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta omsyn til enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å omsyn til på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang.

2.1.7 Kriterium og kategoriar

Verdisettingskriteria følgjer DN-handbok 13 (DN 2006, etter nye faktaark i 2014). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdisetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Desse gir heilt klart rom for noko skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstillir kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbare (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men enkelte definerte vilkår må likevel vere oppfylte.

2.1.8 Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisette lokaliteten. Enkelte artar vert tillagt særleg vekt ved verdisettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtalte i eit eige kapittel i rapporten (kapittel 5). Signalartar vert kort omtalt her. Nedafor er berre enkelte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdisettinga nemnde.

- Kulturlandskap: Naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).
- Skog: bergfaks, breiflangre, falkbregne, furuvintergrøn, junkerbregne, kusymre, lundgrønaks, myske, sanikkel, skogfaks, skogsvingel, skogsvinerot, stortrollurt, taggbregne, tannrot, trollbær, vårerteknapp og vårmarihand, samt ei rekkje sjeldsynte eller raudlista soppar bundne til rik edellauvskog eller tørr furuskog.

I tillegg kjem ein del oseaniske mosar eller lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet og enkelte mikrolavar, der regnskogsartar vert tillagt særleg vekt.

2.1.9 Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Lindegaard mfl. 2011) er brukt som støtte ved verdivurderinga.

2.1.10 Område med lite data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i kapittel 4.4. Ein kan her berre syne til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårleg.
- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.

- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringer frå DN om kva som skal prioriterast.

2.2 Presentasjon

2.2.1 Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eigne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte på eigne faktaark (kapittel 4). Raudlisteartar er òg omtalt i eit eige kapittel (kapittel 5).

2.2.2 Omtale av lokalitetane

Dei enkelte lokalitetane er omtalte på eigne faktaark. Ein har her følgd DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp hogst/fysiske inngrep som ein negativ faktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt bli eit trugsmål.

2.2.3 Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto. Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omtrentlege og orienterande, særleg dei større lokalitetane i skog. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om muleg å få ei meir detaljert avgrensing.

3 Naturgrunnlaget

3.1 Naturgeografi og klima

Opplysningane under er i hovudsak saksa frå Jordal & Holtan (2005).

3.1.1 Landskap og topografi

Haram er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Landarealet er oppgjeve til 260 km². Spennvidda i naturtypar er likevel stor, frå djupe fjordar via grunner, holmar, skjær, strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit nokså alpint preg opp til 1062 meter over havet. I ytre/vestre deler er landskapet prega av avrunda former og mindre fjell, medan indre og austlege deler dels har høge fjell og nokre meir kvasse tindar. Etter siste istida vart Haram isfri for rundt 12-13000 år sidan, sist i indre deler (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 20-40 meter, mest i indre strok (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3).

Klimaet i Haram er nokså kystprega (oseanisk). Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er milde vintrar og relativt liten skilnad på sommar- og vintertemperatur. På vêrstasjonane på Hildre og i Brattvågen ligg temperaturen på nærare 2 °C som gjennomsnitt for januar, og dette er faktisk om lag det same som, eller over, fleire stasjonar på ytterkysten. Gjennomsnittstemperatur for juli-august kjem ikkje over 13 °C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør 1400-1550 mm er ganske mykje). Det er også hyppig nedbør, 220-240 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året. Vegetasjonen og floraen i kommunen viser da også mange oseaniske trekk, ved at ei rekkje kystplanter er vanlege over det meste av kommunen.

3.1.2 Areal

Areal	256,6 km ² (av dette fastland 200,9)
Del av fylket sitt areal	1,7 %
Jordbruksareal	18 km ²
Skogareal	62 km ²
Myrareal	7 km ²
Høgaste punkt	1062 m o. h. (Blåskjerdingen)
Største havdjup	259 m (Midfjorden)
Kystline	fastland 112 km, øyar 188 km
Tal på øyar	294 (55,7 km ²)
Tal på ferskvatn (samla areal)	131 (totalt 6,6 km ²)
Areal 0-150 m o.h.	116 km ² (45,4 %)
Areal 150-300 m o.h.	56 km ² (21,7 %)
Areal 300-600 m o.h.	65 km ² (25,4 %)
Areal 600-900 m o.h.	19 km ² (7,4 %)
Areal >900 m o.h.	1 km ² (0,3 %)

3.1.3 Temperaturnormalar 1961-1990

Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
Hildre	2,0	1,7	2,8	4,5	8,2	10,9	12,5	12,8	10,7	8,5	4,6	3,0	6,9
Haram - Brattvåg	1,8	1,6	2,7	4,5	8,3	11,0	12,6	12,9	10,7	8,4	4,6	2,9	6,8

3.1.4 Nedbørsnormalar 1961-1990

Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
Hildre	108	89	97	78	62	76	94	122	186	183	165	150	1410
Haram - Brattvåg	119	98	107	85	68	84	103	134	205	200	182	165	1550

3.2 Berggrunn og lausmassar

Geologien i Haram er svært variert, og spenn over både næringsrike (lettløselege) bergartar og dei harde og sure bergartane våre (granitt og gneis). Tveten mfl. (1998) gir ei grundig utgreiing om desse forholda i berggrunnskartet Ålesund.



Figur 3.1. Berggrunnskart over Haram (<http://www.ngu.no>). Mest interessante bergartar utgjerast av dei brune og grøne fargane, som ofte inneheld mellom anna glimmerskifer, og dermed gjer tilgangen på næring lett for mange vekstar.



Figur 3.2. Lausmassekart over Haram (<http://www.ngu.no>). Som ein kan sjå er det t.d. mykje av marine strandavsetningar (som ofte kan vere næringsrike), medan bart fjell eller berre eit tynt dekke er meir vanleg.

4 Naturtypar

4.1 Hovudnaturtypar

Haram kommune har førekomst av seks av dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
Myr Relativt bra kartlagt frå før, med oppfølging i 2013 m.a. på Rognemyrane (Flemsøya), Baraldsneset (Midfjorden), Vatnedalen (rikmyr) og Gamlemsmyrane m.a. samla sett god kartleggingsstatus.	Ta vare på store og intakte lokalitetar. Ein får merke seg at kystnedbørsmyr no er raudlista (VU).
Rasmark, berg og kantkratt Ikkje bevisst kartlagt i 2013/2014, men går inn i mange rike og sørvendte edellauskogar eller nordskrentar osb.	Ingen spesiell.
Fjell Kalkrike fjellområde finst ikkje i Haram.	Ingen spesiell.
Kulturlandskap Truleg middels god til god kartleggingsstatus. Dei viktigaste områda burde vere fanga opp no. Nytt er at m.a. Lausundholmen no er avgrensa som naturbeitemark/kystlynghei pluss eit mindre område på Ulla.	Ta vare på intakte lokalitetar, utarbeide skjøtelsesplanar for viktige lokalitetar.
Skog A-lokalitetane bør no vere fanga opp, og truleg også eit fleirtal av B-lokalitetane.	Ta vare på viktige område, slike som har innslag av raudlisteartar eller er prioriterte naturtypar, m.a. hassel-eikeskogane ved Grytastranda og kystfuru-skogen ved Slyngstadvatnet.
Ferskvatn/våtmark Ikkje prioritert i 2013/2014, men bra fanga opp	Ikkje øydelegge område som

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
frå før. Det er tvilsamt om låglandsvatna passar med naturtypene i DN-handboka.	kan vere potensielt viktige.
Kyst og havstrand Kartlagt tidlegare, og truleg god kartleggingsstatus. Både det meste av Hildrestranda heilt ned til Bjørnøya, Ullaholmen og Fjørtoftneset vart kontrollerte under det nye arbeidet.	Ta vare på alle viktige kartlagde område.

Tabell 4.1. Grovt oversyn over hovudnaturtypene i Haram kommune, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus. I tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

4.2 Kunnskapsgrunnlag og dekningskart



Kartet viser registrerte naturtypelokalitetar i Haram før kartlegginga i 2013 og 2014 (grøne polygon). Raude punkt er nye lokalitetar eller eldre med mykje ny kunnskap (som får endra verdi, avgrensing eller naturtype). Svarte punkt er undersøkte område som ikkje vart avgrensa som naturtypelokalitetar. Dei nye lokalitetane eller område med ferske data er presenterte i kapittel 4.4. Generelt vart det ein viss auke av kunnskapsnivået, jamt fordelt over heile kommunen.

Kunnskapen om naturtypar (og naturmangfald generelt) i Haram, verkar i et nasjonalt perspektiv grovt sett berre middels god. Presset på naturmangfaldet er m.a. knytt til moderne skogsdrift, lokalt også med sterk sprenging av ei rekke framande bartre. Også nedbygging av strandområde og attgroing i det tradisjonelt

drivne kulturlandskapet er tydelig i Haram, truleg med redusert artsmangfald som eit direkte resultat.

Tidlegare kartlegging har ofte vært knytt opp mot skog og ulike typar kulturlandskap, der særleg kystfuruskogen ved Slyngstadvatnet og hassel-eikeskogane ved Grytastranda ser ut til å ha gode til svært gode kvaliteter med omsyn til naturmangfald. Interessante kulturlandskap med bra verdi finn ein m.a. ved Sandvika på Flemsøya, dei beita strandberga ved Ulla og Sunnaland ved Brattvåg, medan nokre lokalitetar i Vatnedalen (med solblom) har fått redusert verdi grunna tekniske inngrep.

I høve til den geografiske dekningsgraden er det klare gradientar i dei fleste kommunar, der lågland og sjønære område oftast er best undersøkt, medan indre og høgareliggande område generelt har dårlegast dekningsgrad. Ser ein på Artskart (Artsdatabanken 2014), så kjem et slikt mønster godt fram, med jamt med funn nær sjøen og generelt mindre utanfor tettbygde strok.



Fordeling av raudlista vekstar i Haram (etter Artskart 17.11.2014). Dei største firkantane (gule eller oransje) er trua artar (VU og EN), medan dei små firkantane er artar som er nær trua (NT). Plotta kan vere noko unøyaktige i den grove målestokken her.

Myr vart også prioritert under feltarbeidet i 2013/2014, særleg Gamlemsmyrane, myrane ved Rogne, ved Baraldsneset i Midfjorden og nokre mindre rikmyrar inst i Vatnedalen.

Ferskvassundersøkingar vart nedprioritert, helst fordi det er tvil om dei aktuelle lokalitetane er naturtypar etter dei nye faktaarka for naturtypen. Naturleg eutrofe innsjøar finst t.d. ikkje i Haram (Reitevatnet/Stølevatnet ved Remmereit kunne vore aktuelt), medan vassdraga ved Hildre og i Tennfjorden har viktige bestandar av ein prioritert art som elvemusling.

Artsmessig er nok karplanter best kjent av vekstar, medan det for sopp, lav og mosar nok er ein del ny kunnskap å hente. Av naturtypar er det best kunnskap om havstrand, skog og kulturlandskap, og i alle fall er dei lettast tilgjengelege områda no brukbart kartlagde.

4.2.1 Dekningskart



Nye naturtypelokalitetar og justerte avgrensingar på eldre (grøne polygon) er dei raude polygonane på kartet. Kartet seier samstundes noko om den totale dekningsgraden for kartlegginga i Haram. Dei minste lokalitetane viser dårleg i denne målestokken (t.d. strandberga ved Ulla, rikmyra inst i Vatnedalen og ein liten eikehage ved Gjeriset).

4.3 Naturtypelokaliteter undersøkte i 2013 og 2014

Nedanfor er alle område med nytt feltarbeid i 2013 eller 2014 omtalte, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt eller artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen. Nr. på lokalitetar i Naturbase er nemnd for eldre lokalitetar, og avgrensingane er i fleire tilfelle endra. DH= Dag Holtan, PL= Perry Larsen.

4.3.1 1534101 Flemsøya: Rognemyrane

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A11 kystmyr
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugs mål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	31.07.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	Særs god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 31.07.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Rogne på Flemsøya. Avgrensinga gjeld dei resterande, intakte myrområda på staden. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen spelar inga rolle her, då myra består av eit tjukt strødede.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til A11 kystmyr, og er i all hovudsak ei fattig nedbørsmyr som høyrer til komplekset J3 ombrotrof fastmattemyr, mykje med torvull-raudtorvmoseutforming J3a, typisk med bra førekomst av klokkelyng og rome. Myra er stor og kompleks, slik at utformingar og ulike vegetasjonstypar samla sett vart dårleg undersøkt i det kraftige regnvêret under arbeidet.

Artsmangfald: Myra er typisk artsfattig, og av karplanter kan nemnast bjørneskjegg, blokkebær, blåknapp, bukkeblad, dikesvineblom (i grøfter), duskull, dvergbjørk, elvesnelle, heisiv, klokkelyng, krekling, kvitlyng, molte, pors, rome, røsslyng, slåttestorr, skogstjerne og torvull. Det vart vidare bestemt kring 20 mosar, alle vanlege: etasjemose, filtbjørnemose, furumose, furutorvmose, heigråmose, pjukskjønnmose, raudmakkemose, stivtorvmose, torvgrøftemose, feittmose, mattehutmose, myrtvibladmose, oljetrappemose, sveltsaftmose og torvdymose, truleg også torvsåtemose (VU). I 2013 var det ein bra koloni med stormåsar i sørvest, med i alt kring 200 par stormåsar (gråmåke, svartbak og sildemåke).

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har spor etter eldre torvtekt, og har truleg også vore mykje beita før. I dag er lokaliteten i gjengroing. Det er også planta rader med framande treslag, mogleg for å markere eigedomsgrensar.

Framande artar: Buskfuru, dels også sitkagran, spreier erg i området.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fleire fysiske inngrep. Beiting, krattrydding og lyngsviing vil vere positivt i høve til å førebygge vidare attgroing.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokalteten får verdi B (viktig) på grunn av den har fleire delnaturtypar, er svakt til tydeleg negativt påverka, har bra storleik (>50 daa) og høyrer til ei varmekjær vegetasjonssone. Naturtypen er dessutan raudlista.



Myrane ved Rogne sett mot Rogneholmen bak til venstre.

4.3.2 1534102 Flemsøya: Aust for Stølen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0412 Våt/fuktig middels næringsrik eng
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	14.10.2014, DH
Stadkvalitet:	Sørs god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 14.10.2014. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokalteten ligg vest for Rognemyrane på Flemsøya. Avgrensinga gjeld eit inngjerda beite på nedsida av gravplassen. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseaanisk vegetasjonssesksjon (O3). Berggrunnen er lite relevant her, då lokaliteten har eit tjukt strødekke. Grunnvatnet som kjem opp ser ut til å vere rikt på lettløseleg plantenæring.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0412 våt/fuktig middels næringsrik eng. Vegetasjonstypen (G12) heiter det same som utforminga.

Artsmangfald: Det var litt seint på året i høve til å få ei fullgod planteliste, men vanlege artar i enga er alle fall engkarse, engkvein, englodnegras, kornstorr, krypsolie, kystgrisøyre, mannasøtgras, myrtistel, smalkjempe (tørrare kantsoner) og tepperot. Lyssiv har etter kvart vorte heilt dominerande. Mest interessant er førekomstane av purpurmarihand (EN). Arten vart først funnen i 1892, funnen att av Karl Rogne i 2008 og i 2014 skal her ha vorte talt knappe 250 individ. Lokaliteten utgjer mogleg nordgrense for marihanda. Av beitemarkssoppar vert det funne ein middels kravfull art som spiss vokssopp, men fleire sjeldne eller raudlista artar bør finnast i kantsoner med låg vegetasjon.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten vert for tida beita av storfe, og truleg er det meir eller mindre kontinuitet i beitinga meir enn 120 år bak i tid. Sjølv om beitetrykket ser brukande ut må tilstanden seiast å vere middels god til noko dårleg, grunna eit visst preg av flekkvis attgroing og lyssiv som spreier seg aggressivt.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitinga bør oppretthaldast, og lyssiv må forsøkast fjernast før den tek over heile arealet. Skjøtselsplan, kor førekomsten av purpurmarihand vektleggast sterkast, bør kome på plass snarast.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten skårar lågt på arts mangfald (utanom purpurmarihand), høgt på førekomst av raudlisteartar, høgt på storleik og middels til lågt på tilstand, og får verdi A (svært viktig) utelukkande på grunn av den viktige førekomsten av purpurmarihand. Naturtypen er dessutan raudlista.



Beitemarka mellom garden Stølen og Rognemyrane, med Gamlemsveten i bakgrunnen til høgre. Dei mørkare partia i enga (litt i bakgrunnen) er massive oppslag av lyssiv.

4.3.3 1534103 Flemsøya: Hallingen

Nummer i Naturbase:	BN00019342
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	25.05 og 08.08.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 25.05 og 08.08.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare skildra av Jordal & Holtan (2005). Avgrensinga er justert og verdien er gradert opp sidan då.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i sørskrenten under Hallingen ved Rogna. Avgrensinga gjeld alt areal i urene og berga over granplantingane i området. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oceanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen skal vere næringsfattig gneis, men lokaliteten er likevel svært rik på næring.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt. Nokså rik lågurtvegetasjon er utbreidd, men her er også småbregnemark, dessutan litt høgstaude-storbregnemark langs små bekkar og sig. Treslag utanom hassel (som er mest talrik) er alm (NT, sjeldan), bjørk, hegg, osp, rogn, selje og svensk asal. Skogalderen er varierende, truleg med nokså gammal skog og mykje daudved øvst oppe under hamrane og med yngre, homogen hasselskog skog som koloniserer urene heilt ned til granplantingane.

Artsmangfald: Lokaliteten er artsrik, og av karplanter kan nemnast blankburkne, blåknapp, fagerperikum, fuglereir (NT), hengjeaks, jordnøtt, kranskonvall, kusymre, liljekonvall, lundgrønaks, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogfiol, skogfredlaus, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, storfrytle, svarterteknapp, teiebær og taggbregne. Lungeneversamfunnet opptre spreidd på berg og lauvtre, med artane flishinnelav, grynfiltlav, kystnever, lungenever, olivenfiltlav (NT), skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Av mosar kan nemnast litt kravfulle artar som gulband, hasselmoldmose, kalkraggmose, kveilmose, ospelundmose, putevrimose, stortaggmose og storkransmose. Interessante soppar er bleik kantarell, grå trompetsopp, gulnande begersopp, hasselriske, hasselskrubb, marsipankremle og nokså rikeleg med svartnande trompetsopp (NT). Alle desse høyrer heime i rike kysthasselkratt.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg vore mykje beita tidlegare, men den bruken er det slutt på no. Det er liten negativ påverknad sett bort frå ei viss spreiding av framande treslag.

Framande artar: Bulkemispel, platanlønn, sitkagran og svensk asal, men spreidd.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og det bør settast av til fri utvikling. Framande treslag bør nedkjempast, særleg bartre. Hogst vil lette spreidinga for dei framande artane.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten skårar etter faktaarket for rik edellauvskog høgt på storleik (>10 daa), middels høgt på funn av eller potensial for funn av raudlisteartar, det same på funn av planter bundne til edellauvskog, høgt på habitatkvalitet og påverknad og får derfor verdi A (svært viktig). Det er også svært

sjeldan at ein kjem over hasselskogar på ytterkysten av ein slik storleik og god tilstand.



Hasselkratta i skrenten under Hallingen ligg bak granplantasjane på bildet.



Kusymre er til dels svært talrik i hasselskogen under Hallingen.

4.3.4 1534104 Ullaholmen kystlynghei

Nummer i Naturbase:

Ny lokalitet

Hovudnaturtype:

Kulturlandskap

Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0703 Fuktig lynghei
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugssmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	31.07.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	Særs god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 31.07.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på den nordre halvdel av Ullaholmen. Avgrensinga gjeld alt areal nord for kunstengene på holmen. Området ligg i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen skal bestå av gneisbergartar, og gir relativt magre forhold for plantefloraen.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D07 kystlynghei, i hovudsak med utforminga D0703 fukthei, men har også mindre areal med tørrare utformingar, mindre myrdrag og fuktig, dessutan små grasbakkar grunna beiting. Vegetasjonstypane er såleis varierte, med innslag av H1c røsslyng-slåtestarr-torvullutforming, H3c klokkelyng-rome-bjørneskjeggutforming og anna (ikkje detaljert undersøkt).

Artsmangfald: Lokaliteten er middels artsrik, med karplanter som bjørneskjegg, blåknapp, dikesvineblom, finnskjegg, heifrytle, klokkelyng, kornstorr, kystmyrklegg, lyssiv, rome, skrubbær, slåtestorr, smyle, tepperot, torvull og vanleg arve. Vanlege mosar er m.a. furutorvmose, kystjammemose, kystkransmose, kysttornemose, kysttvibladmose, matteflette, myrfiltmose, myrmuslingmose, raudmuslingmose, skuggeflik og truleg torvsåtemose (VU). I grasbakkane burde det også finnast fleire sjeldne eller raudlista beitemarkssoppar, men denne gruppa er førebels ikkje undersøkt.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er no godt beita, med god struktur i heia og dermed god tilstand.

Framande artar: Både buskfuru og sitkagran finst på holmen.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitinga bør oppretthaldast på dagens nivå, eventuelt kan ein også prøve med lyngsviing dersom det synest naudsynt.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den skårar middels på storleik, høgt på tilstand og potensielt middels på førekomst av raudlisteartar. Naturtypen er dessutan raudlista.



Kystlyngheia på Ullaholmen, sett mot nord frå om lag midt på holmen.

4.3.5 1534105 Haramsøya: Katagylet-Fiskeberga

Nummer i Naturbase:	BN00019329
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0411 Vekselfuktig baserik eng
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugssmål:	Fysiske inngrep, opphøyr av hevd
Undersøkt/kjelder:	08.08.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	Særs god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 08.08.2013 saman med Perry Larsen. Lokaliteten vart også undersøkt av Dag Holtan 14.10.2014. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005). I dette arbeidet vart sandstranda vest i lokaliteten vektlagt. Denne er no om lag øydelagt, slik at avgrensinga konsentrerer seg meir om områda sust for stranda.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett nord for grenda Ulla på Haramsøya. Avgrensinga gjeld strandberga i området og ein liten rest av sandstranda i vest. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseaanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen skal vere gneis, men oppblåse skjelsand gjer at her likevel er svært næringsrikt.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0411 vekselfuktig baserik eng, men her er også tørrare til meir friske delområde. Blåstorr-engstorreng finst spreidd, elles er her både gulaks-engkveineng, attgrodde dammar og sig og anna.

Artsmangfald: Lokaliteten er artsrikt, med planter som blåkklokke, blåknapp, blåkoll, blåstorr, brudespore, dikesvineblom, engstorr, fjellmarikåpe, fjellsmelle, fjelltistel,

fuglevikke, gjeldkarve, gulsildre, hårstorr, jonsokkoll, jåblom, knortestorr, kusymre, raudsildre, raudsvingel, rundbelg, smalkjempe, strandkarse, strandkryp, tiriltunge og vårmarihand. Mange av desse er litt kalkkrevande. Dessverre var soppseongen i 2014 dårleg, men det vart i alle fall funne ein kravfull art som brun engvokssopp (VU). Det er sannsynleg at her kan vere eit bra mangfald av sjeldne eller raudlista beitemarkssoppar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten her dei seinare åra vorten beita av kyr. Beitetrykket er best i vest, og bør aukast i aust. I bakkant (sør) av lokaliteten har det tydeleg vorte gjødsla ein del. Generelt er tilstanden middels god til god.

Framande artar: Rett på utsida av lokaliteten i vest veks det mengder av skvallerkål, elles ingen framande artar funne.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, gjødsling eller jordarbeiding. Skal naturmangfaldet oppretthaldast, er det vidare ein føresetnad med fortsatt beite.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten skårar middels høgt på parametrane artsmangfald og raudlisteartar, middels til høgt på tilstand og høgt på areal (>2 daa) og får derfor får verdi A (svært viktig). Potensialet for funn av fleire raudlista beitemarkssoppar er også vektlagt ved vurderinga. Naturtypen er dessutan raudlista.



Frå Katagylet vest i dei kalkrike beitemarkene ved Ulla.

4.3.6 1534106 Lepsøya: Kjedalsnakken

Nummer i Naturbase:	BN00019349
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Nordvendt kystberg og blokkmark
Utforming:	B04 Oseaniske kystberg
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmål:	Ingen kjente
Undersøkt/kjelder:	21.09.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 21.09.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Lepsøya, vest for Hellevik. Avgrensinga gjeld ei strekning på om lag 3 km frå Hellevika i aust til Karihola i vest. Området ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen er svært variert og kompleks, m.a. med gneisar, granittar og glimmerskifer, med varierende næringsinnhald.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, med utforminga B04 oseaniske kystberg. Både moserike og lavrike utformingar er funne, dessutan ein del storfrytlemark med spreidde oppslag av bjørke- og rogneskog. På strandflatene er det mindre delområde med kystlynghei.

Artsmangfald: Representative karplanter er blåknapp, blåstorr (sparsam), geitsvingel, heisiv, hinnebregne, kornstorr, kusymre, loppestorr, raggtelg, skogvikke og turt. Lavsamfunna er ikkje godt nok undersøkte, men her er i alle fall flekkvis funne rikeleg med kystvrenge, lungenever, rund porelav og skrubbenever. Potensielt bør raudlisteartane gullprikklav og kystblåfiltlav også finnast (begge VU). Av mosar er helst øygardsmose (NT) mest interessant (funnen av Oddvar Olsen i 2014), men både gullhårmose, heigråmose, heimose, kystkransmose, pelssåtemose, raudmuslingmose, småstylte, stripefoldmose, trøssåtemose og mange andre er gode indikatorar for litt rikare, oseaniske kystberg.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg vore beita ein del før, og nokre strøsauer beitar framleis. Topografien medverkar elles til at området i sterk grad har fått skjøtta seg sjølv opp gjennom hundreåra, og i alle fall berga er vel slik som opphavleg naturtilstand skal vere.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det vil vere ein føremon med fortsatt beite på strandflatene.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten skårar middels på artsomangfald (men potensielt høgt ved fleire undersøkingar), høgt på storleik (>50 daa), topografi, lokalklima, og når framande artar også vantar er verdi A (svært viktig) rett.



Frå ei av dei mange kløftene i området rundt Kjeldalsnakken, sett mot nordvest.

4.3.7 1534107 Lepsøya: Rønstad/Måsehamrane

Nummer i Naturbase:	BN00019352
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Sørvendt berg og rasmark
Utforming:	B04 Oseaniske kystberg
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.08.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	Særs god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 02.08.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Rønstad vest på Lepsøya. Avgrensinga gjeld heile Rønstadurene/Måsehamrane med skog, hamrar og rasmark. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen inneheld mellom anna glimmerskifer og glimmergneis, og er middels næringsrik.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til sørvendt berg og rasmark, med utforminga B04 oseaniske kystberg, men har også rik edellauvskog, denne med utforminga F0103 rikt hasselkratt. Lokaliteten er svært kompleks med omsyn til vegetasjonstypar, er vekselfuktig, og har både lågurt- og småbregneskog, dessutan ulike utformingar av bergveggvegetasjon i gradienten fattig til baserik, med ein del graseng som no gror att etter opphøyr i beite. Skogen under brattberga har mykje hassel, og noko alm (NT) og ask (NT).

Artsmangfald: Plantelivet er rikt, med artar som begerhagtorn, blankburkne, blåklokke, blåknapp, blåkoll, dunhavre, fjellmarikåpe, fuglevikke, gjeldkarve, gulmaure, hestehavre, hengjeaks, hundegras, jordnøtt, kransmynte, krossved, kusymre, lundgrønaks, lækjeveronika, mørkkongsllys, skogfiol, skogsvinerot, smalkjempe, småengkall, stankstorkenebb, storfrytle, svarterteknapp, svarthyll, svartknoppurt og vivendel. Tidlegare er også m.a. bergasal og falkbregne påvist. På bergveggar veks lavartar som kystvrenge, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Av sopp kan nemnast grå trompetsopp, hasselriske, hasselskrubb, lundslørsopp, marsipankremle, skjeggfrynse-sopp og sølvhette. Av drygt 20 moseartar som vart artsfesta kan nemnast ryemose, krypsilkemose og kveilmose frå hasselkratta.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er i dag sporadisk beita av sau, og beitetrykket var mykje større tidlegare.

Framande artar: Ingen påvist utanom svarthyll, som ikkje er vurdert å utgjere noko trugsmål.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får middels verdi på artsamangfald, høg verdi på storleik, middels vekt på topografi og lokalklima, og sidan framande artar som er svartelista ser ut til å vente oppretthaldast verdi A (svært viktig).



Oppe i Måsehamrane ved Rønstad. I bakgrunnen skimtar ein Sykkylvsfjella og Ørstafjella med Skopphornet, Hundatinden og Jønshornet o.a.

4.3.8 1534108 Lausundholmen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0702 Tørr gras-/urterik hei, D0703 Fuktig lynghei
Verdi:	x (viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	02.08.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 02.08.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området ser ikkje ut til å ha vore undersøkt tidlegare.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Lausundholmen rett sør for Lepsøya. Avgrensinga gjeld lyngheia og strendene på vestre halvdel av holmen. Området ligg i sørboreal til boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oceanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen skal vere granathaldig gabbro, kan hende også med amfibolitt, og er potensielt middels næringsrik.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D07 kystlynghei, med utformingane D0703 tørr gras-urterik hei, D0703 fuktig lynghei og dels også D0704 røsslyng-bjønnekamhei. I tillegg kjem mindre delområde med strandeng på nordsida, rett vest for vegen og mindre myrdrag hist og her. Gulaks-engkveineng er vanleg der det er best beitetrykk.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast naturengartar o.a. som blåklokke, blåkoll, blåknapp, engfrytle, engkvein, geitsvingel, finnskjegg, gulaks, heiblåfjør, heifrytle, heisiv, heistorr, kattefot, kjertelaugnetrøst, kornstorr, kusymre, lækjeveronika, ryllik, slåttestorr, smalkjempe, småengkall, tepperot og tiriltunge. Det var litt tidleg på året for beitemarkssoppar, men raudlistearten raudskivevokssopp (NT) vart i alle fall funnen. Om lag 20 mosar vart artsfesta, men berre vanlege og vidt utbreidde artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har heilt klart vore middels godt til godt beita dei seinare åra, sjølv om her ikkje var beitedyr under kartlegginga i 2013. Her er også spor etter nyare lyngsviing. Tilstanden vekslar frå middels god og god i den vestre delen av lokaliteten til mindre god mot søraust.

Framande artar: Her er planta bergfuru og sitkagran, men det ser ut til at dei er i ferd med å hoggast ned no. Ingen spreining observert.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, jordarbeiding, sprøyting eller sprøyting med kjemiske middel. Skal naturmangfaldet oppretthaldast eller betrast, er det ein føresetnad at beitinga held fram og at ein frå tid til anna også held fram med lyngsviing.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten skårar middels bra på storleik (ca. 170 daa) og tilstand, førebels mindre på førekomst av raudlisteartar og får dermed verdi B (viktig).



Middels godt beita knausar og spor etter brenning vest på Lausundholmen.



Tørr gras- og urterik, beita kantområde på Lausundholmen.

4.3.9 1534109 Bjørnøya ved kystfortet

Nummer i Naturbase:	BN00019361/Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark (50 %), D07 Kystlynghei (50 %)
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng, D0703 Fuktig lynghei
Verdi:	A (viktig)
Mulege trugs mål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	17.07.2013, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 17.07.2013. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005), og denne lokaliteten er skilt ut frå BN00019361 på grunnlag av annan naturtype og verdi.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i området ved Bjørnøya kystfort. Avgrensinga gjeld all beitemark rundt fortet og langs grusvegen ut av området. Området ligg i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen skal vere triviell, med gneisar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark og D07 kystlynghei med om lag 50 % for kvar naturtype, med utformingane D0404 frisk fattigeng og D0703 fuktig lynghei. Gulaks-engkveineng er vanleg rundt bunkeren, men her er òg litt sølvbunkeeng. Resten er meir eller mindre fuktig lyngmark

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast naturengartar som blåklokke, engfrytle, engkvein, finnskjegg, fjellmarikåpe, geitsvingel, gulaks, jordnøtt, kjertelaugetrøst, kornstorr, kystgrisøyre, lækjeveronika, smalkjempe, tepperot og tiriltunge, medan heisiv, heistorr og slåttestorr er assosierte med fukthei. Meir gjødselstolerante artar er engsoleie, følblom, kvitkløver, raudkløver, ryllik og vanleg arve. Mest interessant er likevel ein relativt god bestand av den trua arten irsk myrklegg (EN). Den veks i kantsoner i både beitemark, hei og langs vegkanten berre det er kort vegetasjon. Av beitemarkssoppar vart det funne spiss vokssopp, som er litt kalkkrevande, elles meir vanlege artar som honningvokssopp, kantarellvokssopp og skjør vokssopp. Potensielt bør her finnast mange fleire, inkl. sjeldne eller raudlista artar (tidspunktet var litt tidleg for kartlegging av sopp).

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har dei seinare åra vore beita av ein bøling med kyr, og under besøket i 2013 gjekk her om lag 30 dyr. Tilstanden er i alle fall flekkvis bra. Truleg har det vore gjødsla litt rundt dei yttarste ruinane.

Framande artar: Buskfuru og sitkagran er planta nokså nært inntil lokaliteten.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel og jordarbeiding. Irsk myrklegg og beitemarkssoppar er avhengige av framhald i beite.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten skårar middels på artsmangfald, høgt på funn av raudlisteartar og storleik og middels på tilstand. Verdien settast derfor til A (svært viktig).



Beitemarka rundt kystfortet. I bakgrunnen ser ein Terøya og Søvik.



Irsk myrklegg (EN) kjennast frå kystmyrklegg på at den er sterkt håra.

4.3.10 1534110 Gamlemsmyra

Nummer i Naturbase:	BN00019367
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A11 kystmyr
Utforming:	-
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	14.08.2013, DH
Stadkvalitet:	Særs god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 14.08.2013. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005). Avgrensinga er justert ned, m.a. er arealet inn mot fjellfoten teke vekk.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg søraust for ferjeleiet på Skjelten. Avgrensinga gjeld arealet mellom hovudvegen og den nye Remmevegen, som er ei turløype. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen er ikkje så relevant her då den er dekt av eit tjukt strødekke.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til A11 kystmyr (delnaturtype 4). Her er for det meste nedbørsmyr, litt jordvassmyr inn mot hellingane i aust, ofte med store eroderte flater mellom tuvane og parti med lausbotn. Lyngmark er vanleg på tuver.

Artsmangfald: På tuvane dominerer røsslyng, torvull, heigråmose, klokkelyng, krekling og dvergbjørk. Spreidd med bjørk, einer og furu. I lausbotn dominerer duskull og rundsoldogg. Andre artar er bjørneskjegg, blåtopp, flekkmarihand, heiblåfjør, kvitlyng, stjernestorr, sveltestorr og tepperot. Det finst i tillegg pyttar med elvesnelle.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er stort sett intakt, utan vesentlege negative inngrep, med gjennomgåande god tilstand.

Framande artar: Buskfuru og sitkagran finst i lokaliteten, førebels utan særleg spreiiing.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beiting vil ikkje skade, og ein bør overvake statusen til framande treslag.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at den skårar middels høgt til høgt på tilstand, ligg i sørboreal vegetasjonssone og samstundes skårar høgt på areal (>50 daa).



Frå området om lag midt på Gamlemsmyra, med Hurlelia i bakgrunnen til høgre. Eroderte furer på myra er ganske vanleg.



Gamlemsmyra, sett mot nordvest. Noko attgroing midt ute på myra. Arealet på denne sida av turløypa Remmevegen er teke ut av avgrensinga, og har blitt eigen lokalitet.

4.3.11 1534111 Skjelten: Remmevegen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Erstatningsbiotop på open mark
Naturtype:	D52 erstatningsbiotop
Utforming:	-
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmaal:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	12. og 29.07.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	Særs god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 12. og 29.07.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i utkanten av Gamlemsmyra i aust. Avgrensinga gjeld eit smalt belte langs tursien Remmevegen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen er ikkje så relevant her då den er dekt av eit tjukt strødekke.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til kunstmark, med naturtypen D52 erstatningsbiotop på open mark.

Artsmangfald: Grunnlaget for avgrensinga er gode bestandar av den trua arten irsk myrklegg (EN).

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten høyrer til kunstmark, og har kome til som ei følgd av opparbeidinga av turstien Remmevegen. Opphavleg har dette vore kystmyr, men den nye turløypa ar stoppa det meste av sigevasstraumen, slik at vatnet hopar seg opp på oppsida av grusvegen.

Framande artar: Buskfuru, mogleg bergfuru, sitkagran og japanlerk er alle i sterk spreiding langs vegen, særleg japanlerk og sitkagran.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Irsk myrklegg er heilt klart avhengig av skjøtsel, slik at framande treslag må fjernast. Den toler godt litt trakk, noko som truleg gjer det enklare for frøa å spire.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av førekomstane av irsk myrklegg (EN).



Frå austre del av Remmevegen, sett mot sørvest. Japanlerk og sitkagran har fått gode forhold for spiring i samband med opparbeiding av turløypa her.



Irsk myrklegg (EN) står somme stader ganske tett langs Remmevegen.

4.3.12 1534121 Skjelten: Gjerdet

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	29.07.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 29.07.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området ser ikkje ut til å ha vorte kartlagt tidlegare.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av turløypa Remmevegen ved Gjerdet nær Skjelten. Avgrensinga gjeld eit inngjerda område med beitedyr. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen er ikkje så relevant her då den er dekt av eit tjukt strødekke.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, i hovudsak med naturtypen D0404 frisk fattigeng. Spreidd finst også fuktigare utformingar. Dei best beita delområda har ofte gulaks-engkveineng, elles er lokaliteten dominert av lyngmark, truleg grunna eit tidlegare gjengroingsstadium.

Artsmangfald: Relativt artsfattig lokalitet med planter som er blåklokke, engkvein, englodnegras, følblom, gulaks, harerug, heiblåfjør, heisiv, kornstorr, kvitlyng og myrfrytle. Mest interessant var funn av den trua arten irsk myrklegg (EN). Beitemarkssoppar bør også finnast i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten ser ut til å ha vore relativt attgrodd, men dei siste åra må det vere beita mykje, med relativt god tilstand på mykje av arealet. Under besøket 29.07.2013 gjekk her utegangersauer og eit par esel i sør.

Framande artar: Bergfuru og sitkagran finst, men det vart ikkje observert noko vidare spreining.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, jordarbeiding, gjødsling eller sprøyting med kjemiske middel. Lokaliteten er skjøtselsavhengig, slik at beitinga må oppretthaldast på minst dagens nivå. Krattrydding og lyngsviing bør også vurderast, og dei framande treslaga bør nedkjempast.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten skårar lågt på arts mangfald, høgt på areal og funn av raudlisteartar, middels på tilstand og får derfor verdi A (svært viktig).

4.3.13 1534112 Skjelten: Hurlalia

Nummer i Naturbase:	BN00019368
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog, F07 Gammel lauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt, F0701 Gammelt ospeholt
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	20.10.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 20.10.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005). Lokaliteten er mykje utvida nordvestover.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nedst i dei store liene under nordsida av Gamlemsveten. Avgrensinga gjeld eit større område frå Kjerringjølet i sørvest og eit par km inn til Hurlalia. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen er triviell, med gneisbergartar, med ei smal stripe meir næringsrik glimmerskifer i vestre delen.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog og F07 gammal lauvskog, med utformingane F0103 rikt hasselkratt og F0701 gammalt ospeholt. Småbregnemark med storfrytle er utbreidd, elles svakt utvikla lågurtskog til dels og svakt utvikla høgstaude-storbregnemark. Treslag utanom bjørk og hassel (som er mest talrike) er alm (NT, sjeldan), hegg, krossved, osp, rogn og selje. Somme stader under bergrota er det døme på relativt grove dimensjonar, men daudvedaspektet er førebels lite utvikla.

Artsmangfald: Området er middels artsrikt, og av karplanter kan nemnast brunrot, bustnype, fagerperikum, hengjeaks, kusymre, lækjeveronika, lundrapp, markjordbær, myske, raggtelg, skogburkne, skogfiol, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle og vivendel. Lav i lungeneversamfunnet er flishinnelav, kystnever, kystvrenge, lungenever, rund porelav, skrubbenever, stiftfiltlav, sølvnever og vanleg blåfiltlav.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har vore beita tidlegare der det har vore råd å kome til, men er i dag i ei dynamisk utvikling som naturskog.

Framande artar: Ingen påvist, men lokaliteten grensar somme stader til plantefelt med framande bartre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at den scorar høgt på storleik, middels på arts mangfald og potensial for funn av raudlisteartar og høgt på tilstand. Høgare verdi er avhengig av funn av raudlisteartar.



Frå bratthamrane i Hurlalia. Lokaliteten er vanskeleg tilgjengeleg og ikkje godt nok undersøkt.

4.3.14 1534113 Grytastranda vest for Uggedal

Nummer i Naturbase:	BN00019365
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugssmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	23.05.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 23.05.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005), og avgrensinga er no vesentleg utvida austover.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg heilt vest for Grytastranda vest for Uggedal. Avgrensinga gjeld heile sørs-krenten her. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen skal vere gneisbergartar, men her er likevel næringsrikt og frodig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt. Rik lågurtskog og småbregneskog med storfrytle er vanlegaste vegetasjonstypar. Treslag utanom hassel og bjørk er hegg, krossved, osp, rogn, selje og svartor, medan sommareik er sjeldan. Under bergrota er det ein del grove hasselkratt, ofte også rikeleg med daud ved (særleg osp).

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast blåknapp, breiflangre, brunrot, enghumbleblom, fuglereir (NT), gulaks, hundegras, jordnøtt, knollerteknapp, krattlodnegras, kusymre, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske,

sanikkel, skogfiol, skogvikke, storfrytle, svarterteknapp, teiebær og vårmarihand. Lungeneversamfunnet er flekkvis svært frodig og godt utvikla, med grynfilflav, glattvrenge, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfilflav. Det vart funne relativt mange kravfulle mosar: gulband, ryemose, krypsilkemose, kystjammemose, kystkransmose, kysttornemose, kysturnemose, kveilmose (talrik), putevrimose, stumpfoldmose og til sist raudlistearten stripekrusmose (NT, nordgrense). Her bør også finnast fleire raudlista soppar bundne til hassel, ikkje minst med tanke på at det er funne mange slike i nabolokaliteten i aust, som har om lag det same naturmiljøet.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten ser ut til å ha vore beita tidlegare (ofte mykje krattlodnegras), men denne bruken er det slutt på no. Skogen er i ein god tilstand og i ei dynamisk utvikling som naturskog. Austenden er noko beita av utegangarsauer.

Framande artar: Gran og sitkagran er planta inntil lokaliteten, og vil kunne spreie seg inn i denne.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den scorar høgt på artsmangfald, storleik og tilstand og middels høgt på førekomst av raudlisteartar (men truleg høgt potensial for funn av fleire slike, særleg soppar).



Lungenever veks ofte svært talrikt i hasselskogen vest for Uggedal.

4.3.15 1534114 Grytastranda: Grovaggjølet

Nummer i Naturbase:	BN00019369
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0101 Lågurt-eikeskog, F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.05.2013, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 27.05.2013. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett aust for Uggedal vest på Grytastranda. Avgrensinga gjeld sørs-krenten herifrå og om lag ein km austover. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen skal vere gneisbergartar, men her er likevel næringsrikt og frodig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utformingane F0101 lågurt-eikeskog og F0103 rikt hasselkratt. Rik lågurtskog og småbregneskog med storfrytle er vanlegaste vegetasjonstypar, ofte i friske til vekselfuktige utformingar. Treslag utanom hassel og bjørk er hegg, krossved, osp, rogn og selje, medan sommareik er nokså vanleg. Under bergrota er det ein del grove hasselkratt, ofte også rikeleg med daud ved (oftast osp).

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast blåknapp, breiflangre, brunrot, enghumbleblom, gulaks, hundegras, jordnøtt, knollerteknapp, krattlodnegras, kusymre, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogfiol, skogvikke, storfrytle, svarterteknapp og teiebær. Lungeneversamfunnet er flekkvis middels godt utvikla, med kystvrengje, lodnevrenge, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfjelllav. Raudlista soppar funne tidlegare er beisk storpigg (VU), løveslørsopp (EN) og raud honningvokssopp (VU). Mosar er førebels ikkje undersøkt. Andre interessante soppar bundne til eik eller hassel er eikeriske og grå trompetsopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten ser ut til å ha vore beita tidlegare (ofte mykje krattlodnegras), men denne bruken er det slutt på no. Skogen er i ein god tilstand og i ei dynamisk utvikling som naturskog.

Framande artar: Gran og sitkagran er planta inntil lokaliteten, og vil kunne spreie seg inn i denne. Platanlønn er i spreiding på frisk mark.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den scorar høgt på arts mangfald, storleik og tilstand og også høgt på førekomst av raudlisteartar. Her er også innslag av den raudlista naturtypen lågurt-eikeskog (NT).

4.3.16 1534115 Grytastranda: Fiskeberga

Nummer i Naturbase:	BN00019366
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.05.2013, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 14.08.2013. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Jordal & Holtan (2005). Naturtypen er endra frå hagemark til naturbeitemark, og verdien er justert opp.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ned mot sjøen ved Fiskeberga heilt vest på Grytastranda. Avgrensinga gjeld eit nokså stort område med naturbeitemark, hagemark og beita skog. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen er truleg nokså næringsfattig, og skal innehalde gneisar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0404 frisk fattigeng. Gulaks-engkveineng er vanleg, men her er òg sølvbunkeeng og oppslag av krattlodnegras og generelt frisk til noko fuktig fattigeng (mellom anna finnskjeggeng). Her er også spreidde einskildtre av sommareik, små hasselkratt og litt beita bjørkeskog.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast blåklokke, engfrytle, engkvein, gulaks, knollerteknapp, krattlodnegras, kusymre, lækjeveronika, sanikkel, tepperot og tiriltunge. Fungaen er ikkje undersøkt på ei stund, men i alle fall er raudlisteartane dvergstanksopp (NT, bunde til hassel), kvit småfingersopp (NT) og lillagrå raudskivesopp (VU) funne tidlegare. Andre interessante artar er grå trompetsopp og gul eikeriske. Sidan skjøtselen no er teken opp att bør det forventast funn av fleire sjeldne eller raudlista soppar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten var for 10 år sidan ein del attgrodd, men dei seinare åra har her gått utegangarsauer, slik at tilstanden har betra seg mykje.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, gjødsling, jordarbeiding eller sprøyting med kjemiske middel. Beiting og krattrydding bør oppretthaldast, då naturmangfaldet er avhengige av hevd.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (viktig) på grunn av at den skårar middels høgt på artsutval, høgt på førekomst av raudlisteartar og høgt på både storleik og tilstand.

4.3.17 1534116 Grytastranda: Gjerset

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	29.05.2013, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 29.05.2013. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er truleg ikkje undersøkt før.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på oppsida av hovudvegen nedanfor Gjerset på Grytastranda. Avgrensinga gjeld eit mindre område med rik edellauvskog. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oceanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen er truleg nokså næringsfattig, og skal innehalde gneisar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt, i tillegg er her ei gruppe med eiketre som kan hende bør førast til hagemark. Mindre areal kan truleg også førast til naturtypen kildelauvskog. Mykje av lokaliteten er på frisk til vekselfuktig mark, med overrisla mark grunna ein liten bekk. Treslag utanom eik og hassel (ofte grove dimensjonar) er ask (NT, sjeldan), bjørk, hegg, osp, rogn og svartor.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast enghumbleblom, jordnøtt, kusymre, kvitblattistel, sanikkel, skogfiol, skogsvinerot, stornesle, strandrøyr, sumphaukeskjegg, sumpkarse (dominant på våte stader), mogleg villrips, dessutan mykje vårkål (dominant på våte stader). Det vart ikkje funne lungeneversamfunn eller andre interessante lavartar, mosefloraen er ikkje undersøkt og under hassel og eik bør ein seinare leite etter raudlista eller interessante soppar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg vore mykje beita før, og er i dag i ei dynamisk utvikling som naturskog.

Framande artar: Her veks litt platanlønn. Her sto også nokre grantre, men dei har blese ned.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eik og hassel bør ikkje hoggast.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av den skårar middels høgt til høgt på storleik, middels på potensiell førekomst av raudlisteartar og anna artsamangfald, middels på habitatkvalitet, innslag av framande artar og påverknad og dessutan har innslag av den raudlista naturtypen lågurt-eikeskog.

4.3.18 1534117 Slyngstad vest

Nummer i Naturbase:	BN00045890
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	29.05.2013, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 29.05.2013. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tidlegare undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen i februar 2009.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nede ved sjøen mellom Karmanneset og Slyngsted i Tennfjorden. Avgrensinga gjeld ein teig med hassel- og svartor. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Berggrunnen er truleg nokså næringsfattig, og skal innehalde gneisar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt. Utarma lågurtmark er vanleg, og mest vanleg i dag er vel småbregnemark og sølvbunkeutforming. Treslag utanom hassel er bjørk, hegg, osp, rogn, selje og svartor.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast enghumleblom, geittelg, hengjeaks, kusymre (talrik), kristtorn, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, mjødurt, skogburkne, skogfiol, skogkarse, sløkje, vivendel og vårkål. Raudlista soppar er indigoraudspore (NT) og kokskremle (NT), men ein del fleire bør finnast. Lungeneversamfunn vantar, og mosar er førebels ikkje undersøkt.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg vore mykje beita før, og er i dag i ei dynamisk utvikling som naturskog.

Framande artar: Platanlønn er i spreiding, og eitt grantre vart påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep .

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av den skårar middels høgt til høgt på storleik, middels på førekomst til potensiell førekomst av raudlisteartar og anna arts- mangfald, middels på habitatkvalitet, innslag av framande artar og påverknad.

4.3.19 1534118 Vatnedalen vest for Reset

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattdekt myr
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	25.07.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 25.07.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tydeleg ikkje undersøkt før.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inst i Vatnedalen ved Reset, på oppsida av vegen. Avgrensinga gjeld eit mindre myrområde. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Berggrunnen er truleg nokså næringsfattig, og skal innehalde gneisar, men sigevasstraumen ned lia gir næringsrike forhold.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattdekt myr, med vegetasjonstypen M2 middelrik fastmattemyr. Feltsjiktet er slik sett ganske tett, dominert av gras og halvgras, men har også bra innslag av urter.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast typiske artar for rikmyr, som bjørnebrodd, breiull, dvergjamne, fjelltistel og svarttopp, dessutan bjørneskjegg, hanekam, myrfrytle, mykje skogsnelle, dessutan sumphaukeskjegg. Mosar ein ofte finn på rikmyr er brunmakkrose, feittmose, myrskjeggrose, myrstjernemose, myrtvibladmose og raudmakkrose.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er no i attgroing, men har likevel god tilstand på opne, overrisla flater med høgt grunnvatn.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beiting og krattrydding vil vere ein føremon for lågvaksne, konkurransesvake artar.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av den skårar middels på representativt arts mangfald, høgt på tilstand og hydrologi samstundes som rikmyr er sjeldan i Haram (men ikkje uvanleg på Sunnmøre). Verdi A synest for høgt samanlikna med andre rikmyrar i distriktet.



Mengder av breiull er typisk for rikmyr (dei kvite duskane som stikk opp).

4.3.20 1534119 Midfjorden: Baraldsneset

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A11 kystmyr
Utforming:	-
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugsmaal:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	25.07.2013, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 25.07.2013 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er tydeleg ikkje undersøkt før.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Baraldsneset på sørsida av Midfjorden. Avgrensinga gjeld heile det store myrområdet her. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oeanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen varierer ein del, m.a. med ei markert stripe med næringsrik glimmerskifer og glimmergneis.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til naturtypen A11 kystmyr, og er ei blanding av nedbørsmyr og open jordvassmyr med mange bekkar og dammar til dømes. Området er kupert og lite oversiktleg. I kantsoner er det oppslag av bjørk og rogn.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bjørneskjegg, blokkebær, blåknapp, duskull, dvergjamne, einer, fjelljamne, geitsvingel, flekkmarihand, klokkelyng, kornstorr, myrmjølke, rome, rundsoldogg, røsslyng, slåttestorr, tepperot, tettegras,

torvull. Relevante mosar er filtbjørnemose, heigråmose, kystgråmose, pelssåtemose (talrik), feittmose, lurvflik, myrglefsemose og stripefoldmose mfl.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er no i ei viss attgroing, men har likevel for det meste god tilstand på opne, overrisla flater med høgt grunnvatn og på grunnlendt mark med knausar.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beiting og krattrydding vil vere ein føremon for lågvaksne, konkurransesvake artar.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av den inneheld eit stort og intakt myrkompleks (delnaturtype 4) i sørboreal vegetasjonsseksjon.



Frå myra ved Baraldsneset, som er svært kupert og variert. I bakgrunnen Nordøyane.

4.3.21 1534120 Midfjorden: Skoradalen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Oseaniske kystberg
Utforming:	-
Verdi:	B (viktig)
Mulege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.11.2014, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i november 2014, basert på eige feltarbeid 08.11.2014saman med Perry Larsen. Bakgrunnen er oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om supplerande kartlegging av naturtypar i Haram og kvalitetssikring av eksisterande data. Området er ikkje undersøkt før.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rette vest for Skår på sørsida av Midfjorden. Avgrensinga gjeld ein bratt bergvegg inne i Skoradalen. Området ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen har i hovudsak mineralrik glimmerskifer og glimmergneis..

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til nordvendte kystberg og blokkmark, med utforminga B04 oseaniske kystberg. Vegetasjonstypane ligg innanfor kompleksa i F2 bergsprekk og bergvegg, truleg mest basefattig utforming.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bergfrue, enghumbleblom, fjellmarikåpe, fjellsmelle, fjellsyre, fjelltistel, geitsvingel, gulsildre, jåblom, kattedot, kornstorr, rabbesiv, raudsildre, raggtelg, storfrytle og svarttopp. Det vart artsfesta 70-80 moseartar, og mest interessant er funn av ein oseanisk art som flotelvmose (ny for Møre og Romsdal), glanssåtemose (nordgrense), kragesleivmose (ny for fylket), kystfingermose, piskflik (få funn i fylket), raudstilkflette (få funn i fylket) og tvillingtvibladmose (få funn i fylket). Meir vanlege, men litt kravfulle artar er bergstjernemose, buttgråmose, dronningmose, feittmose, gullmose, kammose, pelssåtemose, puteplanmose, putevrimose, raudmakkmose, stripefoldmose og mange andre.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er utilgjengeleg for folk og fe, og har vel ein tilstand slik den skal vere i høve til naturtilstanden.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Ingen spesielle.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av den skårar middels høgt på innslag av kjenneteiknande artar, middels på storleik, høgt på innslag av kløfter og bergveggar og fråvere av framande artar. Verdi A kunne vore vurdert, men synest førebels for høgt.



Frå feltarbeidet oppe i Skoradalen. Lokaliteten er rik på sjeldne mosar.

4.4 Evaluering av ein del lokalitetar

Ut over dei 21 lokalitetane nemnt i kapittel 4.3 vart 18 andre lokaliteter også grundig evaluerte. Somme av dei kan av ulike grunnar trygt vrakast, medan andre har fått negative inngrep eller anna (nokre får til og med høgare verdi):

- 1) BN00019358 Fjørtofta: Ramsberget vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 5.8.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Det avgrensa området er lite, berre 7,5 daa og har nokre få hasselbuskar i det som truleg var utmarksbeite før. Marksjiktet er dårleg utvikla, med overvekt av krattlodnegras, og det veks også framande artar som bergfuru, sitkagran og svensk asal inntil lokaliteten. Etter det nye faktaarket for rik edellauvskog skårar lokaliteten lavt på einingar som storleik, hotspot habitat for raudlisteartar, habitatspesifikke edellauvskogsplanter, her er ikkje innslag av raudlista naturtypar, det er dårleg habitatkvalitet og relativt høg negativ påverknad (framande artar). Hasselbuskene er i og for seg ikkje heilt unge, men samla sett held ikkje lokaliteten mål og bør derfor slettast som naturtypelokalitet.



Austre del av Ramsberget.

- 2) BN00019359 Fjørtofta: Nyheim-Malen vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 5.8.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten er på 72 daa, og sterkt skjemma av negative, dels irreversible inngrep. Heile den nordre halvdelan har stor sitkagran som veks heilt ut på stranda, medan den sørlege delen dels er utgrava i samband med utbygging med fritidsbustader. Viktige artar som havstorr og sandstorr finst no svært sparsamt. Dersom lokaliteten framleis skal vere med i Naturbase, med

maksimum verdi C, er det ein føresetnad at sitkagran fjernast og at stranda deretter settast av til fri utvikling.



Frå midtre del av Nyheim-Malen, sitkagrana har her heilt klart negativ effekt på det som skulle vore dynamiske dynesamfunn osv.

- 3) BN00019357 Fjørtofta: Dysvikmyra vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 5.8.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi C. Lokaliteten, som er på 298 daa syntest i 2013 mykje attgrodd, med oppslag av bjørk og rogn, dessutan er sitkagran etablert. Området er såleis inne i ei negativ utvikling. Etter einingane for verdisetting i det nye faktaarket for naturtypen i 2014 skårar lokaliteten lågt på dei fleste områda (skårar eigentleg best på storleik, men det verkar lite relevant her), og skal verdi C som naturtypelokalitet forsvarast må rydding av kratt, tre og framande artar gjennomførast og beiting takast opp att.
- 4) BN00019354 Fjørtofta: Skinnbrekka-Øyra vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 5.8.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi A. Lokaliteten, som er på 298 daa syntest i 2013 sterkt overbeita (dels også påpeika i 2004), og mykje av det plantelivet som var karakteristisk tidlegare har (midlertidig?) forsvunne. Lyssiv, stornesle og vassarve er no fullstendig dominante, medan om lag all annan vegetasjon er svært kortvaksen. Lokaliteten fortener heilt klart ikkje verdi A. Etter det nye faktaarket for naturtypen i 2014 skårar lokaliteten lågt på parameter som raudlisteartar, sjeldanheit og tilstand (intakte prosessar), kan hende middels på førekomst av spesialiserte strandengartar og noko høgare på areal og hevd. Under tvil kan verdi B godtakast. Dette er ein del av Fjørtoftneset naturreservat, og etter kapittel V i verneforskrifta er det tillate med «tradisjonell beiting». Ein bør uansett finne fram til ei beiteform som tek

vare på høgstaudesamfunna og det meir spesialiserte artsmangfaldet i fjøresona. Skjøtselsplan er ønskeleg.



Slik såg det ut i strandengene på nordsida av Fjørtoftneset i 2013, her sett mot aust. Lyssiv er det einaste som stikk opp, medan stornesle og vassarve dominerer ut mot sjøen.

- 5) BN00019355 Fjørtofta: Søgardsmyrane vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 5.8.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten, som er på 1056 daa syntest i 2013 grunna beiting med utegangarsauer å ha fått betra kvaliteten i høve til undersøkingane på 1980-talet. Dei mange små, beita grasmarene har no ytterlegare betra potensialet for funn av sjeldne beitemarkssoppar, men heller ikkje i 2013 vart det funne raudlisteartar. Etter einingane for verdisetting i det nye faktaarket for naturtypen i 2014 skårar lokaliteten høgt på tilstand (hydrologi), storleik og vegetasjonssone (boreonemoral til sørboreal helst), og verdien skal derfor settast til A. Dette er ein del av Fjørtoftneset naturreservat, og etter kapittel V i verneforskrifta er det tillate med «tradisjonell beiting». Skjøtselsplan er sterkt ønskeleg.



Søgardsmyrane om lag midt i lokaliteten, sett mot aust frå ein beita grasbakke.

- 6) BN00019356 Fjørtofta: Kroken vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 5.8.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten, som er på 154 daa syntest i 2013 å ha om lag dei same kvalitetane som i 2004. Etter det nye faktaarket for naturtypen i 2014 skårar lokaliteten lågt på parameter som raudlisteartar og sjeldanheit, kan hende middels på tilstand (intakte prosessar) og førekomst av spesialiserte strandengartar, dessutan noko høgare på areal og hevd. Verdi B bør derfor oppretthaldast. Dette er ein del av Fjørtoftneset naturreservat, og etter kapittel V i verneforskrifta er det tillate med «tradisjonell beiting». Skjøtselsplan som tek omsyn til sjølve strandenga er ønskeleg.
- 7) BN00019337 Flemsøyaa: Halseberga vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 25.5.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi A. Lokaliteten, som er på 126 daa syntest i 2013 å vere mykje attgrodd sidan siste undersøking, og det vart heller ikkje observert beitedyr innanfor eller i nærleiken av lokaliteten. Etter dei nye kriteria for verdisetting i 2014 skårar lokaliteten høgt på artsmangfald, middels på førekomst av raudlisteartar, høgt på storleik og lågt på tilstand/hevd (gjødsling/svakt beitetrykk). Etter dette settast verdien til ein svak B. Det er likevel klart at hevda må takast opp att snarleg om lokaliteten skal ha nokon spesiell verdi i framtida. Snarleg skjøtselsplan er sterkt ønskeleg.



Tunet ved Halseberga.



Utmarka ved søraustre del av Halseberga 25. mai 2013. Som ein lett kan sjå er området sterkt prega av attgroing.

- 8) BN00019336 Flemsøya: Sandvika vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 25.5.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi A. Lokaliteten, som er på 32 daa syntest i 2013 å vere nokså dårleg hevda, med unntak for eit lite areal nede ved sandstranda. Etter dei nye kriteria for verdisetting i 2014 skårar lokaliteten høgt på artsmangfald, middels på førekomst av raudlisteartar, høgt på storleik og lågt på tilstand/hevd (gjødsling/svakt beitetrykk). Etter dette settast verdien likevel til B. Det er likevel klart at hevda må betrast snarleg om lokaliteten skal ha nokon spesiell verdi i framtida. Skjøtselsplan er svært ønskeleg.



Frå Sandvika nede ved sjøen, kor det er godt beita på sanddynene.

- 9) BN00019332 Haramsøya: Ullaholmen vest vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 31.7.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi A. Lokaliteten, som er på 134 daa syntest i 2013 å vere sterkt overbeita (her går mange utegangarsauer heile året). Etter det nye faktaarket for naturtypen i 2014 skårar lokaliteten lågt på parameter som raudlisteartar, sjeldanheit og tilstand (intakte prosessar), kan hende middels på førekomst av spesialiserte strandengartar og noko høgare på areal og hevd. Under tvil kan verdi B godtakast no. Dette er ein del av Ullasundet fuglefredingsområde, og etter kapittel V i verneforskrifta er det tillate med «slått, beiting og annan etablert jordbruksdrift». Skjøtselsplan som tek omsyn til floraen i strandengene er ønskeleg.
- 10) BN00019333 Haramsøya: Ullaholmen aust vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 31.7.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten, som er på 72 daa syntest i 2013 å vere sterkt overbeita (her går mange utegangarsauer heile året). Etter det nye faktaarket for naturtypen i

2014 skårar lokaliteten lågt på parameter som raudlisteartar, sjeldanheit og tilstand (intakte prosessar), kan hende middels på førekomst av spesialiserte strandengartar og noko høgare på areal og hevd. Under tvil kan verdi B framleis godtakast. Skjøtselsplan som tek omsyn til floraen i strandengene er ønskeleg.



Frå vestsida av Ullaholmen 31.07.2013. Strandengene er heilt nedbeita.



Frå austsida av Ullaholmen 31.07.2013. Strandengene er heilt nedbeita.



Det går mange utegangarsauer på Ullaholmen heile året. Ulla i bakgrunnen.

- 11) BN00019329 Haramsøya: Råvika vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 25.5.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten, som er på 28 daa er no heilt øydelagt av inngrep som sandtekt og forsøpling. Ein ny lokalitet aust for Råvika (naturbeitemark med beita strandberg) overlappar dels med og erstattar denne.
- 12) Haramsøya: Hornhammaren vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 25.5.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi A. Lokaliteten, som er på 108 daa, har vore lite og ikkje beita dei siste 20 åra, er sterkt attgrodd og dels invadert av ein aggressiv marikåpeart. Som Jordal og Holtan påpeika i 2005: «Utviklinga i beitebruken i området er urovekkande. Store biologiske verdiar står i fare for å gå tapt». Det er dette som no har skjedd, og det er klart at hevda må takast opp att snarleg om lokaliteten skal ha nokon spesiell verdi i framtida. Snarleg skjøtelsplan er sterkt ønskeleg. Ein del kalkkrevande plantar var framleis å sjå i 2013, men alle er på vikande front. Under tvil kan lokaliteten inntil vidare få verdi C.



Frå Hornhammaren, som ikkje har vore særleg hevda på minst 20 år. Dei grøne engene ein ser på bildet er ein uidentifisert marikåpeart som kveler det meste av annan vegetasjon.

- 13) BN00019347 Lepsøya: Setnakken vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 21.9.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten, som er på 85 daa er litt meir attgrodd sidan førre undersøking i 2003, men beitast framleis av sau. Lokaliteten skårar lågt på artsmangfald, middels på tal på raudlistearter, høgt på storleik og middels på beitetrykk. Verdi B kan dermed oppretthaldast. Lokaliteten bør undersøkast grundigare i ein god soppesong, og skjøtelsplan ville vore ønskeleg.

- 14) BN00038787 Alvestad vart undersøkt av Dag Holtan 12.7.2013 i samband med reinventering av irsk myrklegg (EN). Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Myra, kor 24 daa vart avgrensa som naturtypelokalitet, er til dels øydelagt av tekniske inngrep i samband med opparbeiding av turløypa i området, og irsk myrklegg vart ikkje funnen att. Lokaliteten har dermed ikkje lenger relevans som naturtypelokalitet, men irsk myrklegg bør ettersøkast særleg langs vegen etter at anleggsarbeida er ferdige.
- 15) BN00019394 Vatnedalen: Krogsetra vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 29.7.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten, ei gammal slåtteeing som er på 3,1 daa er no i hovudsak øydelagt av graving, køyring med tunge maskiner og lagring av store tømmerstokkar. Den har ikkje lenger nokon relevans som naturtypelokalitet, og bør såleis slettast frå naturbase. Eit par rosettar av solblom har overlevd.



Den verdifulle slåtteeinga i Vatnedalen, ved Krogsetra, 27.7.2013. Bildet talar for seg sjølv.



Same stad og dato som i bildet over. Eit par rosettar med solblom har greidd seg etter dei tunge, irreversible inngrepa som har øydelagt heile slåttemarka.

- 16) BN00019395 Vatnedalen: Krogsetra aust for Severingarden vart undersøkt av Dag Holtan og Perry Larsen 29.7.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi B. Lokaliteten, ei gammal slåtteeng som er på 3 daa er no mykje attgrodd, og har trulig vore lite eller ikkje hevda dei seinare åra. Det vart funne to rosettar med solblom. Desse vil forsvinne dersom hevda ikkje takast opp att.
- 17) BN00019351 Lepsøya: Rådet på vestsida av Lepsøya vart undersøkt av Dag Holtan 26.9.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi A. Lokaliteten, som er på 315 daa, er ei kystlynghei med mykje attgrodd naturbeitemark og vesentleg meir attgrodd enn under siste undersøkinga i 2003. Den skårar lågt på tilstand, middels på funn av raudlisteartar og storleik. Verdien settast i 2014 derfor til B.



Frå sørenden av Rådet vest på Lepsøya, sett mot nord. Lokaliteten har vore lite og ikkje hevda dei seinare åra, er sterkt attgrodd og får derfor lågare verdi enn før. Det bratte hamrane og rasmarkene ein ser på bildet (BN00019350, sjå lokalitet 18 under) treng ikkje skjøtsel og har god tilstand, slik at verdi A oppretthaldast.

- 18)BN00019350 Lepsøya: Nosa-Hestedalsnakken vart undersøkt av Dag Holtan 26.9.2013. Jordal & Holtan (2005) sette verdi A. Lokaliteten, som er på 521 daa, har såpass vanskeleg topografi at den skjøttar seg sjølv, og den har god tilstand i høve til dei opphavlege naturforholda. Etter det nye faktaarket for naturtypen skårar lokaliteten bra på dei fleste parametranne, og verdien skal faktisk vere A.

5 Raudlista og svartelista

5.1 Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for naturmangfald er førekomst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av Artsdatabanken. Den siste kom i 2010 (Kålås mfl. 2010) og er basert på kjent kunnskap om ca. 35 000 artar innanfor ulike artsgrupper. 21,8 % av desse artane er ført opp på raudlista (4599 artar). Neste raudliste kjem kan hende i 2015.

Raudlistekategoriar: NT= nær trua, VU= sårbar, EN= sterkt trua, DD= dårlig datagrunnlag. For ein grundigare gjennomgang av raudlista og kategoriar visast det til Kålås mfl. 2010.

5.1.1 Sopp

25 raudlista soppar er til no kjende frå Haram kommune. Dette kan synest som eit høgt tal, men både i ulike typar skog og kulturlandskap burde det finnast mange fleire artar. Viktige habitat for artane er naturbeitemark eller slåttemark, rik edellauvskog med hassel og eik eller gammal furuskog.

- 1) Beisk storpigg *Sarcodon scabrosus* (VU) høyrer eigentleg til i litt kalkrike barskogar med furu. Funna under eik og hassel på Grytastranda i 2003 var såleis noko overraskande, og kan hende skal det førast til ein liknande art som høyrer heime i edellauvskog (komplekset er ikkje heilt utgreidd).
- 2) Brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana* (VU) veks i kalkrik naturbeitemark og slåttemark, ofte på skjelsand. Funna i Haram er frå Sandvika på Flemsøya (1993 og 1995) og Ulla (2014), begge frå slike miljø.
- 3) Gul slimvokssopp *H. vitellina* (VU) veks helst i litt magrare naturbeitemark, og vart funnen ved Halsberga på Flemsøya i 1993.
- 4) Gulfotvokssopp *H. flavipes* (NT) er ein beitemarkssopp, og det eine funnet er frå 2003 ved beitemarka på Set, Lepsøya.
- 5) Lutvokssopp *H. nitrata* (NT) er ein middels kravfull beitemarkssopp, og vart funnen ved Kvernholmsundet innanfor Ullaholmen i 1994.
- 6) Russelærvokssopp *H. russocoriacea* (NT) er ein beitemarkssopp som ofte finst under litt kalkrike forhold. Funna i Haram (1993 og 1994) er frå Halseberga og Sandvika på Flemsøya.
- 7) Raud honningvokssopp *H. splendidissima* (VU) veks helst i naturbeitemark eller slåttemark, frå tid til annan også i rik lågurtlauvskog. Funnen aust for Ura, Flemsøya, i naturbeite i 2003 og i rike hasselkratt i eike-hasselkogen aust for Uggedal i 2003.
- 8) Raudskivevokssopp *H. quieta* (NT) veks også i naturbeitemar, slåttemark eller rike hasselkratt. Funnen ved Halseberga (1993), Rådet på Lepsøya (2013) og Lausundholmen (2013).
- 9) Svartdogga vokssopp *H. phaeococcinea* (NT) or også ein beitemarkssopp, og vart funnen ved Halseberga i 1994.
- 10) Dvergstanksopp *Mutinus caninus* (NT) er ein morosam, liten art, som ofte veks i rike hasselkratt. Funna i Haram er frå Fiskeberga og Nybø i 2002 og 2003. Her er det både eik og hassel.

- 11) Dynejordtunge *Geoglossum cookeanum* (NT) veks som oftast på skjelsand i sanddyner, og funne er då også frå Sandvika på Flemsøya, som har slikt miljø.
- 12) Furuborkkjuke *Antrodia ramentacea* (DD) vart funnen i 1985 einkvan staden ved Helland, på ein gjerdestolpe av furu. Arten er lite kjent, derav raudlistevurderinga, men er funnen nord til Nordland.
- 13) Gulgrøn hette *Mycena chloranta* (NT) veks både i rik lågurtskog og beite-/slåttemark. Funnen ved Halsberga på Flemsøya i 1993. Nordgrense.
- 14) Kvit småfingersopp *Ramariopsis kunzei* (NT) veks også oftast i naturbeitemark eller rik hasselskog. Funnen i beitemarka ved Fiskeberga 2002.
- 15) Indigoraudspore *Entoloma euchroum* (NT) veks på daut ved, ofte hassel, og vart funnen i 2006 aust for Karmannsneset, i hasselskogen nede ved sjøen.
- 16) Lillagrå raudspore *E. griseocyaneum* (VU) er ein noko kravfull beitemarkssopp, og vart funnen ved Fiskeberga i 2002.
- 17) Semska raudspore *E. jubatum* (NT) er ein beitemarkssopp, og det eine funnet så langt i Haram er frå Sætnakken på Lepsøya (2003).
- 18) Mjølraudspore *E. prunuloides* (VU) er ein kravfull beitemarkssopp som vart funnen ved Kvernholmsundet innanfor Ullaholmen i 1993.
- 19) Kokskremle *Russula anthracina* (NT) veks i edellauvskog, oftast med hassel, og vart funnen aust for Karmannsneset, i hasselskogen nede ved sjøen i 2006.
- 20) Praktslørsopp *Cortinarius cumatilis* (NT) veks gjerne i edellauvskog, på våre kantar ofte under hassel. Funnen ved Ytsthagen (Tennfjord) i 2001, og ved Nygjerdet litt lenger aust i 2014.
- 21) Løveslørsopp *C. tofaceus* (EN) veks gjerne i rik edellauvskog med eik, hassel eller lind. Funnen i eikeskogen aust for Uggedal i 2003. Nordgrense.
- 22) Sienamusserong *Tricholoma joachimii* (EN) er til vanleg ein litt kalkkrevande art som veks i kalkfurskog eller annan lågurtfurskog, gjerne gammal skog. Funnet i Haram i dei gamle furskogane ved Slyngstad i 2005, var likevel overraskande. Funnstaden er sterkt fragmentert av hogst, dels også tilplanta med gran, og det er ikkje gitt at arten overlever på staden.
- 23) Solkjuke *Diplomitoporus flavescens* (VU) er ein austleg art med få funn i Norge. Flest funn er det i Finnmark, og funnet i 1985 ved Helland er derfor noko overraskande.
- 24) Svartnande trompetsopp *Craterellus melanoxerox* (NT) er ein god signalart for gamle hasselskogar med godt jordsmonn. Funnen i hasselskogen Hallingen på Flemsøya (Rogne) i 2013, og heng også att i hasselkratta ved Ytsthagen og Nygjerdet, som no er tilplanta med gran.
- 25) Svartsølvpigg *Phellodon niger* (NT) veks helst under gamle furutre, og vart funnen einkvan staden ved Grytastranda i 2003.



Svartnande trompetsopp (NT) frå hasselkratta under Hallingen ved Rogne, Flemsøya, 8.8.2013. Arten høyrer til kantarellane.



Svartsølvpigge (NT) veks helst under gamle furutre.



Mjølraudskivesopp (VU) veks helst i kalkrik naturbeitemark eller slåttemark som er skjøtta på gammalt vis utan gjødsling m.a.



Gul slimvokssopp veks helst i mager naturbeitemark eller slåttemark nær kysten som er skjøtta på gammalt vis utan gjødsling m.a.



Raud honningvokssopp (VU) er ein god indikator på naturbeitemark eller slåttemark som er skjøtta på gammalt vis utan gjødsling m.a.



Brun engvokssopp (VU) veks helst i kalkrik naturbeitemark eller slåttemark som er skjøtta på gammalt vis utan gjødsling m.a., ofte på skjelsand. Denne er frå Fiskeberga ved Ulla i 2014, og ein kan faktisk sjå skjelsanden på bildet.



Sienamusserong (EN) veks helst i gammel, rik og uforstyrra furuskog. Arten har eit nasjonalt tyngdepunkt på Sunnmøre.

5.1.2 Lav

Så langt er det funne berre 4 raudlista lavartar i Haram. Dei er knytte til skog med truleg lang kontinuitet, eller veks på berg og blokkmark. Fleire andre artar bør potensialt finnast, helst i eldre edellauvskog, på gammel hassel, i kystfuruskog eller på eigna bergveggar.

- 1) Gullprikklav *Pseudocyphellaria crocata* (VU) assosierast til vanleg med dei boreale regnskogane i Trøndelag og på Helgeland (kystgranskog). Arten veks også spreidd på ytterkysten vidare sørover til Rogaland, og det er mogleg at dei som veks på ytterkysten frå Møre og sørover skal skillast ut som eigen art. Arten er kjent frå Fjørtofta, Flemsøya, Haramsøya og Lepsøya, alle stadene i bergveggar.
- 2) Kystblåfiltlav *Pectenaria atlantica* (VU) veks gjerne på bergveggar i sterkt oseaniske miljø, og er funnen ved Sakshammaren på Flemsøya (nordgrense).
- 3) Olivenfiltlav *Fuscopannaria mediterranea* (NT) veks spreidd og gjerne sparsamt på bergveggar eller edellauvtre over store delar av landet, berre det er fuktig. Funna i Haram er frå hasselkratta ved Rogne og oppe i hamrane ved Rådet vest på Lepsøya.
- 4) Skorpefiltlav *F. ignobilis* (NT) er bunden til gammel osp i eldre ospesuksesjonar, og er funnen i eit slikt miljø på austsida av Slingstadvatnet. Veks nord til Salten.



Kystblåfiltlav (VU) har verdsnordgrense ved Sakshammaren på Flemsøya.




Olivenfiltlav (NT) veks hist og her over det meste av landet, og er ikkje god å bli klok på.

5.1.3 Mosar

Tre raudlista moseartar frå kommunen er eit heilt ok tal, ikkje minst med tanke på at artsgruppa nasjonalt på det jamne er nokså dårleg undersøkt. Opplysningar på Artskart om praktdraugmose (VU) er feil, og derfor utelate her.

- 1) Knoppflik *Lophozia capitata* (EN) vart funnen av den kjende mosekunnige B. Kaalaas i 1907 einkvan staden ved Gamlemshaug. Den er ettersøkt, men førebels ikkje funnen att. Arten veks på bakken, helst fuktig, og gjerne periodevis overrisla mark. Nordgrense.
- 2) Stripekrusmose *Weissia personii* (NT) veks på blokkmark og i ur på god berggrunn. Funnen ved Uggedal i 2013 på blokkmark i rike hasselkratt. Nordgrense.
- 3) Øygardsmose *Glyphomitrium daviesii* (NT) veks på blokkmark og berg på ytterkysten, og vart funnen på nordsida av Lepsøya i 2014.



Øygardsmose (NT) er liten og lett å oversjå. Det er først dei seinare åra at ein har funne den att i Møre og Romsdal, nær 100 år etter at den først vart funnen i fylket. Foto: Perry Larsen.



Stripekrusmose (NT) frå dei rike hasselkratta vest for Uggedal var ei av dei store overraskingane artsmessig under kartlegginga i 2013. Foto: Perry Larsen.

5.1.4 Karplanter

Det ligg føre opplysningar om 15 raudlista karplanter i Haram, dei fleste bundne til skogsmiljø eller kulturlandskap. Talet er ganske høgt, særleg når ein veit at det til vanleg er færre raudlista planter ute på kysten enn inne i fjordane.

- 1) Alm *Ulmus glabra* (NT) er ikkje spesielt talrik i Haram. Mest frekvent er den på utsida av Lepsøya, i Myskjeurdane på Haramsøya og hist og her på Flemsøya. På fastlandet veks den i alle fall i Hagane (Søvik), på austsida av Slyngstadvatnet og ved Storbakken inne i Vatnedalen. Grunnen til raudlistestatusen er almesjuka (sekksporesoppene *Ophiostoma ulmi* og *Ophiostoma novo-ulmi*, jf. <http://snl.no/almesyke>) og at beiting frå hjort mange stader er eit alvorleg trugsmål.
- 2) Ask *Fraxinus exelsior* (NT) er heller ikkje særleg utbreidd, og har forvilla seg m.a. i Rønstadurene og ved Longva, truleg frå gamle tuntre. Grunnen til raudlistestatusen er askeskotsoppen *Hymenoscyphus albidus*, som førar til at skota visnar og døyr.
- 3) Barlind *Taxus baccata* (VU) veks i kystfuruskogen aust for Slyngstadvatnet og ved Storbakken inne i Vatnedalen. Arten er truga av nedbeiting av hjort, dessutan vert den ofte planta ned av gran i samband med skogbruk.
- 4) Fuglereir *Neottia nidus-avis* (NT) er ein interessant orkidé som vantar klorofyll. Den høyrer heime i rik lågurtskog, og er nokså talrik i dei gamle hasselkratta ved Rogne på sørsida av Flemsøya. Funnen også i dei rike hasselkratta vest for Uggedal.
- 5) Havburkne *Asplenium marinum* (NT) veks på beskytta stader på ytterkysten frå Rogaland til Lepsøya. Her veks den framleis med nokre få individ i Kyrhellaren, etter at den vart oppdaga av Harald Goksøyr i 1933. Lokaliteten er samstundes verdsnordgrense.

- 6) Kvitkurle *Pseudorchis albida* (NT) trivst både i rikmyr, på nordvendte kystberg og i naturbeitemark eller slåttemark. Funna i Haram er etterkvart nokså gamle (frå 1943 til 1968). Det kan ikkje heilt utelukkast at den framleis kan vekse på Ulla, Haramsøya, på oppblåst skjelsand, medan funnet ved skulehuset på Alvestad nok ikkje har nokon relevans lenger. Eitt av funna er gjort ved «Skjerdingen» (truleg Blåskjerdingen).
- 7) Irsk myrklegg *Pedicularis sylvatica* ssp. *hibernica* (EN) veks i dag ved turløypa Remmevegen sør for Hildrestranda, ved kystfortet på Bjørnøya og naturbeitemarka lengst sør på Sunnaland. Særleg ved Remmevegen er den trua av attgroing.
- 8) Kjeldegras *Catabrosa aquatica* (NT) høyrer heime på næringsrik, stille havstrand. I dag veks den i alle fall på Lausundholmen og i verneområdet på Fjørtoftneset.
- 9) Krabbekløver *Trifolium campestre* (NT) vart funnen ved Kjerstad i 1894, men høyrer ikkje naturleg heime i Haram.
- 10) Kystblåstjerne *Tractema verna* (VU) har sine einaste førekomstar i Møre og Romsdal (nordgrense) i dei gamle beite- og slåttemarkene ved Sunnaland. Det er utarbeidd skjøtselsplan for arten (Jordal 2007), og den vart derfor ikkje prioritert vidare under eige feltarbeid i 2013 og 2014.
- 11) Nebbstorr *Carex lepidocarpa* (NT) veks i rikmyr og rike sig. Harald Goksøyr fann den ved Rønstad på Lepsøya i 1933, truleg i fuktengene nedanfor gardane. Her er enga i dag attgrodd.
- 12) Purpurlyng *Erica cinerea* (NT) vart funnen av Ingvald Røsberg ved Nosa på Lepsøya i 1975. Arten veks i lynghei på ytterkysten frå Rogaland til Møre. Røsberg sitt funn (nordgrense) er ettersøkt fleire gongar dei siste 10 åra, utan resultat.
- 13) Purpurmariland *Dactyloriza purpurella* ssp. *majalis* (EN) vart funnen i ei beitemark på Rogne i 1892, og funnen att av Karl Rogne i 2008. Den vaks her også i 2014, med ca. 245 individ (Tore Frøland medd.).
- 14) Solblom *Arnica montana* (VU) veks gjerne i tradisjonelt drivne naturbeitemarker eller slåttemarkar. I dag står det att nokre få individ i slike miljø i områda ved Krogsetra., men eitt av områda er dels øydelagt av tekniske inngrep.
- 15) Toppstorr *Carex paniculata* (VU) veks helst i kystmyr. Harald Goksøyr fann dei ved Rådet vest på Lepsøya i 1934, og Jordal og Holtan (2004) fann 12 tuer i 2003. Talet var det same i 2013.



Irsk myrklegg (EN) har truleg sine einaste førekomstar i Møre og Romsdal i Haram, kor den veks ved kystfortet på Bjørnøya og spreidd austover til Sunnaland.



Havburkne (NT) har verdsnordgrense ved Kyrhellaren på Lepsøya, og er kjent herfrå sidan 1933.



Purpurmariland (EN) vart faktisk funnen ved Rogne allereie i 1892, og veks her framleis.

5.1.5 Insekt

- 1) Bremstilkviklar *Endothenia marginana* (VU) er ein sjeldan sommarfugl med berre 12 registrerte funn i Norge. Den lever ofte på t.d. myrklegg. Funnen ved Skår i 1991, truleg i fuktig hei. Nordgrense.
- 2) Stor blodråpesvermar *Zygaena lonicerae* (EN) er ein sommarfugl assosiert med kulturlandskapet, t.d. solrik slåtte- eller beitemark, eller også solrik rasmark med mange urter. Vaksne individ ser ein ofte på blåknapp, knoppurter, raudknapp og tistlar. Funnet i Haram (Flemsøya 2010) er dessverre dårleg lokalitetsfesta. Flest funn nasjonalt er det i indre strok i Møre og Romsdal.
- 3) *Trifurcula cryptella* (VU) er ein sjeldan sommarfugl med berre 13 registrerte funn i Norge. Arten finst i baserike enger og tørrbakker, og larvane lever på tiriltunge. Funnen ved Skår i 1992, truleg i eng. Nordgrense.

5.1.6 Blautdyr

- 1) Elvemusling *Margaritifera margaritifera* (VU) er kjent frå Hildrevassdraget og Tennfjordvassdraget. Etter naturmangfaldlova er dette ein såkalla prioritert art, med eigen handlingsplan (Direktoratet for naturforvaltning 2006b).
- 2) *Chrysallida pellucida* (EN) vart funnen mellom algar på skjelsand på Lauvøya i Vatnefjorden i 1970. Dette er ein sørleg, marin snigl, men den er funnen heilt til Finnmark.
- 3) *Liostomia clavula* (DD). Fire norske funn, alle frå Møre og Romsdal. Funna skriv seg frå sommartoktet i 1970 til havforskningsinstituttet med skipet «Harry Borthen». Arten er marin.
- 4) *Philine angulata* (DD) er eit bitte lite, marint skjel, oftast under 3 mm, og såleis lett å oversjå. Funnen mellom Hestøya og Haugnes lykt i 1970.

5.2 Svartelista

Svartelista held styr på artar som på ein eller annan måte er eit trugsmål mot det naturlege norske artsmangfaldet. Dette er innførte artar som ofte kan spreie seg i landskapet og fortrenge den naturlege floraen. Svartelista utarbeidast av Artsdatabanken, og nyaste liste er frå 2012 (Gederaas mfl. 2012). I oversikta under er lista opp funn frå Haram i dei tre «verste» kategoriane, nemleg artar med potensielt høg til svært høg risiko (kategoriane potensielt høg risiko PH, høg risiko HI og svært høg risiko SE) når det gjeld negative konsekvensar for miljøet.


- 1) Alaskamjølke *Epilobium ciliatum* ssp. *glandulosum* (SE) er ein typisk invasjonart som kan spreie seg svært fort og danne tette bestandar som slær ut den stadeigne vegetasjonen. Usikker status i Haram, men heilt klart vidare utbreiing enn funnet «nedanfor privatbanken» i 1973.
- 2) Bulkemispel *Cotoneaster bullatus* (SE) er ein hardfør art som er vektor for pærebrann, som òg er påvist i kyststroka i Møre og Romsdal. Arten kan også danne tette kratt som utkonkurrerer den stadeigne buskvegetasjonen. Den er heilt sikkert mykje vanlegare enn det eine funnet oppe i berga ved Hallingen på Rogne, Flemsøya. Den spreier seg med fuglar (raude bær), og er derfor svært vanskeleg å regulere.
- 3) Buskfuru *Pinus mugo* ssp. *mugo* (SE) har vorte mykje planta på kysten, heilt sidan 1860-talet (Jæren), også i Møre og Romsdal. Først og fremst er arten ein uønskt gjest i kystlynghei, kor den viser god evne til spreining. Usikker status i Haram, men i spreining.
- 4) Europalerk *Larix decidua* (SE) har også vorte mykje planta på Vestlandet sidan slutten av 1700-talet. Den viser god evne til eigenspreiing i mange naturtypar, også over skoggrensa, og har på lyse stader potensial til å etablere skogar som konkurrerer ut stadeigen vegetasjon. Usikker status i Haram, men i spreining. Kjent for å kunne spreie seg over store avstandar.
- 5) Gjøglarblom *Minimus guttatus* (PH) er komen til Norge som hagestaude (etablert i naturen sidan 1863), og trivst i ulike miljø som bekkekantar, flaummark, grøfter, skrotemark, åkrar, vegkantar og våteng. Truleg ikkje noko stort trugsmål mot naturmangfaldet i Haram i dag (funnen på skrotemark).
- 6) Gul valmuesøster *Meconopsis cambrica* (PH) er mykje brukt som hagestaude. Den set ofte mykje frø, og har evne til rask spreining, men planten er kortlivd. Truleg ikkje noko viktig trugsmål mot naturmangfaldet i Haram førebels (mest på skrotemark).
- 7) Hagelupin *Lupinus polyphyllus* (SE) kom også til Norge som hagestaude. Den spreier seg no friskt over det meste av landet, mest i vegkantar eller anna forstyrta mark. Dei seinare åra er det også observert spreining på havstrand, elveøyrrer og i slåttemark. Høgt innhald av nitrogen er ikkje bra for særleg sistnemnde naturtype, og auka næringsinnhald vil redusere naturmangfaldet her. Den kan også danne tette bestand som skuggar ut det opphavlege mangfaldet. Minst 50 års levetid for frøa er ein annan faktor som gjer at arten er vanskeleg å kontrollere.

- 8) Hagerips *Ribes rubrum* (SE) spreier seg lett med fuglar. Grunnen til svartelistestatusen er at den også lett kryssar seg med villrips, slik at ein kan få såkalla introgressiv forureining av genmaterialet til villrips.
- 9) Kirsebær *Prunus cerasus* (HI) veks no forvilla langs kysten til Nordland. Grunnen til svartelistestatusen er at den skal kunne fortrenge andre artar.
- 10) Kjempebjørnekjeks *Heracleum mantegazzianum* (HI) kan danne store bestandar som endrar strukturen i vegetasjonen. Plantesafta er også giftig, og kan vere ein risiko for både menneske og dyr.
- 11) Klustersvineblom *Senecio viscosus* (HI) veks førebels mest på skrotemark, men kan også spreie seg på grusstrand, tangvollar og tørrbakkar. Potensielt kan den endre den stadeigne vegetasjonen.
- 12) Krypfredlaus *Lysimachia nummularia* (HI) spreier seg her i landet berre vegetativt, men er hardfør og kan danne store matter som skuggar ut annan vegetasjon.
- 13) Parkslirekne *Reynoutria japonica* (SE) spreier seg vegetativt, og kan vekse under mange ulike forhold. Planta kan bli eit par meter høg, og fortrenger raskt annan vegetasjon der den har etablert seg. Arten er vanskeleg å utrydde.
- 14) Platanlønn *Acer pseudoplatanus* (SE) er i svært rask spreining langs kysten. Den dannar store bestandar, og endrar vegetasjonen og skogsamansetninga på få tiår. Svært arbeidskrevjande å kontrollere.
- 15) Rynkerose *Rosa rugosa* (SE) har dei siste åra spreidd seg svært raskt særleg på havstrand. Den kan danne store, ugjennomtrengjelege kratt som fortrenger stadeigen vegetasjon.
- 16) Raudhyll *Sambucus racemosa* (HI) har i løpet av dei siste 50 åra spreidd seg over store delar av landet. I open skog kan den danne eit busksjikt som ikkje høyrer heime, og såleis fortrenge stadeigen vegetasjon.
- 17) Sibirkornell *Swida alba* (HI) har også spreidd seg raskt og mykje dei seinare åra. Arten kan danne store kratt som ikkje er heldig for den stadeigne vegetasjonen.
- 18) Sitkagran *Picea sitchensis* (SE) har vore mykje planta i kyststrok, m.a. grunna den raske veksten. I Nord-Amerika er det funne tre på 90 m høg. Arten spreier seg lett frå frø, og er eit trugsmål mot både kystlynghei, beitemark og dels også etablert skog.
- 19) Skuggesildre *Saxifraga umbrosa* (PH) spreier seg m.a. på bergflater, i bergveggar og skog, og er mattedannande. Truleg ikkje noko stort trugsmål mot den stadeine floraen i Haram førebels.
- 20) Svensk asal *Sorbus intermedia* (SE) har på få tiår spreidd seg utruleg mykje i Haram, særleg på Nordøyane. Her veks dan talrikt i bergskorter, kystlynghei, rasmark og dels også myr. Det kan vere ein viss fare for integrasjon med andre Sorbus-artar.
- 21) Syrin *Syringa vulgaris* (HI) kan danne store og tette kratt i lågurt-lauvskog og på den måten skugge ut den naturlege vegetasjonen.
- 22) Ribbesåtemose *Campylopus introflexus* (HI) kjem opphavleg frå den sørlege halvkula. Her på berget finn ein arten først og fremst i kystlynghei,

kor den visstnok kan vere eit trugsmål mot små, konkurransesvake artar. Fleire funn i Haram under kartlegginga i 2013.

I tillegg kjem brunskogsnegl (SE), japansk sjølyng (SE, ein marin alge), kanadagås (SE), mink (SE), pollpryd (HI, ein marin alge) og truleg svært mange andre som ikkje er oppdaga eller rapporterte til no. Det er faktisk sannsynleg at det er fleire svartelista enn raudlista artar i Haram.

Japanlerk står førebels ikkje på svartelista, og spreier seg friskt ved turløypa Remmevegen, kor den er i ferd med å kvele raudlistearten irsk myrklegg (som er raudlista som trua, EN). Truleg finn ein også edelgran (HI) i kommunen.



Fordeling av svartelisteartar etter Artskart (17.11.2014). Dei svarte firkantane er artar med svært høg risiko (SE), den mørkaste gråfargen artar med høg risiko (HI) og den lyse gråfargen er dei med potensielt høg risiko (PH).

6 Kjelder

6.1 Skriftlege kjelder

Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 – 2. utgave 2006.

Direktoratet for naturforvaltning 2006b. Handlingsplan for elvemusling *Margaritifera margaritifera*. Dn rapport 3-2006. 28 s.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.

Holten, J.I. mfl. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986 3B. 184 s.

Jordal, J.B. 2007. Skjøtselsplan for kystblåstjerne *Tractema verna* i Haram kommune, Møre og Romsdal. Rapport J.B. Jordal nr. 4 - 2007. 37 s.

Jordal, J.B. & Holtan, D., 2005. Kartlegging av naturtyper i Haram kommune. Haram kommune, rapport. 117 s. + bilete og kart.

Krog, H., H. Østhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lid J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).

Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).

Moen, A. 1984. Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1984-5.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

6.1.1 Internettressursar

Følgjande nettstader vart sjekka i november 2014:

<http://nhm2.uio.no/botanisk/sopp/>

<http://nhm2.uio.no/lav/web/index.html>


<http://artskart.artsdatabanken.no/FaneArtSok.aspx>

<http://nhm2.uio.no/botanisk/mose/>

http://dnweb12.miljodirektoratet.no/naturbase_oppslag/naturbase_oversikt.asp

7 Vedlegg

7.1 Kart over 2013/2014 lokaliteter



7.2 Kartleggingsstatus

